



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# **St.meld. nr. 29**

(2006–2007)

---

Om Noregs deltaking i Europarådet i 2006



## Innhald

|          |                                                                                               |           |                |                                                                                                               |           |
|----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|----------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1</b> | <b>Europarådet – ein felles innsats for menneskerettane, rettsstaten og demokratiet .....</b> | <b>5</b>  | 8.1            | Barnepolitisk samarbeid .....                                                                                 | 17        |
|          |                                                                                               |           | 8.2            | Ungdomspolitisk samarbeid .....                                                                               | 17        |
| <b>2</b> | <b>Det institusjonelle samarbeidet .....</b>                                                  | <b>7</b>  | <b>9</b>       | <b>Kultur, media og idrett .....</b>                                                                          | <b>18</b> |
| 2.1      | Den europeiske menneskerettsdomstolen .....                                                   | 7         | 9.1            | Kultursamarbeid .....                                                                                         | 18        |
| 2.2      | Kommissæren for menneskerettar ..                                                             | 9         | 9.2            | Media og ytringsfridom .....                                                                                  | 18        |
| 2.3      | Den europeiske torturkomiteen (CPT)                                                           | 9         | 9.3            | Idrett .....                                                                                                  | 19        |
| 2.4      | Den reviderte europeiske sosialpakta                                                          | 10        | <b>10</b>      | <b>Utdanning og forskning .....</b>                                                                           | <b>19</b> |
| 2.5      | Venezia-kommisjonen .....                                                                     | 10        | <b>11</b>      | <b>Kulturminneforvaltning og naturforvaltning .....</b>                                                       | <b>20</b> |
| <b>3</b> | <b>Arbeidet i medlemslanda .....</b>                                                          | <b>11</b> | <b>12</b>      | <b>Regionalt og kommunalt samarbeid .....</b>                                                                 | <b>20</b> |
| 3.1      | Balkan .....                                                                                  | 11        | <b>13</b>      | <b>Dyrevern .....</b>                                                                                         | <b>21</b> |
| 3.2      | Kaukasus .....                                                                                | 12        | <b>14</b>      | <b>Samarbeidet med andre organisasjonar .....</b>                                                             | <b>21</b> |
| 3.3      | Moldova, Ukraina og Kviterussland                                                             | 12        | 14.1           | Samarbeidet med EU .....                                                                                      | 21        |
| <b>4</b> | <b>Det mellomstatlege samarbeidet</b>                                                         | <b>13</b> | 14.2           | Samarbeidet med OSSE .....                                                                                    | 21        |
| 4.1      | Menneskerettar .....                                                                          | 13        | 14.3           | Samarbeidet med FN .....                                                                                      | 22        |
| 4.2      | Likestilling .....                                                                            | 13        | 14.4           | Samarbeidet med frivillige organisasjonar .....                                                               | 22        |
| 4.3      | Vald mot kvinner .....                                                                        | 13        | <b>15</b>      | <b>Budsjett og administrativ reform</b>                                                                       | <b>22</b> |
| 4.4      | Menneskehandel .....                                                                          | 13        |                |                                                                                                               |           |
| <b>5</b> | <b>Juridisk samarbeid .....</b>                                                               | <b>14</b> | <b>Vedlegg</b> |                                                                                                               |           |
| 5.1      | Sivilrettsleg samarbeid .....                                                                 | 14        | 1              | Europarådet – medlemsland og institusjonar .....                                                              | 24        |
| 5.2      | Strafferettsleg samarbeid .....                                                               | 14        | 2              | Talen av utanriksminister Jonas Gahr Støre til det 116. ministermøtet i Strasbourg 19. mai 2006 .....         | 26        |
| 5.3      | Folkerett .....                                                                               | 15        | 3              | Medlemslanda i Europarådet i 2006 ..                                                                          | 28        |
| 5.4      | Internasjonal terrorisme .....                                                                | 15        | 4              | Rettsakter som er iverksette av Noreg og saker som gjeld Noreg frå 1. januar 2006 til 31. desember 2006 ..... | 29        |
| <b>6</b> | <b>Sosiale spørsmål .....</b>                                                                 | <b>15</b> | 5              | Forkortingar for ekspert- og styringsgrupper der Noreg deltek ....                                            | 34        |
| 6.1      | Sosial likestilling og sosialpolitikk ...                                                     | 15        |                |                                                                                                               |           |
| 6.2      | Sosiale rettar og helse .....                                                                 | 16        |                |                                                                                                               |           |
| 6.3      | Bioetikk-komiteen .....                                                                       | 16        |                |                                                                                                               |           |
| 6.4      | Narkotikasamarbeidet .....                                                                    | 16        |                |                                                                                                               |           |
| <b>7</b> | <b>Nasjonale minoritetar og innvandringsspørsmål .....</b>                                    | <b>16</b> |                |                                                                                                               |           |
| 7.1      | Vern av nasjonale minoritetar .....                                                           | 16        |                |                                                                                                               |           |
| 7.2      | Innvandringsspørsmål .....                                                                    | 17        |                |                                                                                                               |           |
| <b>8</b> | <b>Barn og ungdom .....</b>                                                                   | <b>17</b> |                |                                                                                                               |           |



# St.meld. nr. 29

(2006–2007)

---

## Om Noregs deltaking i Europarådet i 2006

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 11. mai 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Europarådet – ein felles innsats for menneskerettane, rettsstaten og demokratiet**

---

Regjeringa ser samarbeidet i Europarådet som ein viktig del av europapolitikken. Samarbeidet er sentralt for å fremje demokratiet, menneskerettane og rettsstatsprinsippa i heile Europa, medrekna Russland og Kaukasus. Europarådet er på denne måten med på å leggje grunnlaget for fred og tryggleik i vår del av verda.

Regjeringa ser arbeidet i Europarådet i nær samanheng med innsatsen elles for å byggje opp stabile og opne demokrati og gjennomføre politiske reformer på Balkan og i SUS-området (Samveldet av uavhengige statar). Noreg har teke konkrete initiativ til å styrkje den evna Europarådet har til å hjelpe deltakarlanda med å gjennomføre naudsynte reformer.

Regjeringa ser det som svært viktig å samordne og koordinere norsk politikk og det bilaterale engasjementet elles med den multilaterale innsatsen. På norsk hald er ein særleg oppteken av å styrkje samarbeidet og skape synergi i tilhøvet mellom dei multilaterale organisasjonane som Europarådet, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE), NATO og FN.

Europarådet har særleg kompetanse når det gjeld menneskerettar, demokratisering, lokal-demokrati og statsrettslege tilhøve og kan både gje råd og rettleie medlemslanda på desse områda. Regjeringa arbeider for at Europarådet skal få betre kompetanse på desse områda og ikkje spreie

seg for breitt til andre område. Noreg har difor teke til orde for at samarbeidet med andre organisasjonar må styrkjast samtidig som Europarådet konsentrerer innsatsen sin om dei områda der organisasjonen har særskilte fortrinn.

Arbeidet med Europarådet femner vidt på norsk side. Utanriksdepartementet har ansvaret for dei overordna prioriteringane og koordineringa og samarbeider nært med dei departementa som deltek i det faglege samarbeidet i Strasbourg. Det er særleg viktig å sikre ei brei forståing for dei overordna prioriteringane for samarbeidet, særleg behovet for å styrkje Europarådet sitt kjernearbeid med menneskerettar og demokrati. Regjeringa søkjer vidare å styrkje kontakten med frivillige organisasjonar om relevante saker i europarådsarbeidet.

Under ministermøtet i Strasbourg i mai 2006 understreka utanriksministeren at oppfølging av handlingsplanen frå det tredje toppmøtet i Warszawa i 2005 må liggje til grunn for arbeidet i Europarådet framover. Frå norsk side vil hovudprioriteringa vere å betre den vanskelege situasjonen for Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) i Strasbourg. Det er urovekkjande at det ved utgangen av 2006 låg bortimot 90 000 saker til handsaming i domstolen, ein auke på 12 % frå året før. Utanriksministeren la vekt på behovet for at EMK protokoll 14 trer i kraft raskt, noko som vil opne for meir effektive prosedyrar i handteringa av innkomne klager og som ein reknar med vil føre til at domstolen kan handtere 25 % fleire klager per år. Det er svært beklageleg at protokollen framleis

ikkje har tredd i kraft fordi Russland som einaste land enno ikkje har ratifisert han. Regjeringa meiner det er påkravd med reformer hos domstolen og vil vere aktive i å følgje opp ytterlegare tiltak for å betre arbeidsvilkåra for domstolen. Siktemålet må vere semje om reformer som kan gje ei varig løysing på dei utfordringane domstolen står overfor.

Utanriksministeren la vidare vekt på det ansvaret landa har for å gjennomføre forpliktingane i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Han tok til orde for at Noreg skal opprette eit fond (Trust Fund) for menneskerettar i Europarådet. Fondet skal brukast til å støtte reformarbeidet innan justissektoren i enkeltland. Europarådets utviklingsbank vil forvalte fondet, og ein tek sikte på å setje i verk dei første prosjekta ein gong i 2007. Etter at fondet er etablert, vil regjeringa arbeide for at dei andre medlemslanda sluttar seg til.

Russland prega i stor grad samarbeidet i Europarådet i 2006, då landet for første gong tok over formannskapet. Det russiske formannskapsprogrammet hadde som tema «eit sameint Europa utan skiljelinjer» og var prega av ønsket om at samarbeidet i Europarådet skal medverke til å modernisere dei nye demokratia. Russland åttvara spesielt mot å isolere Kviterussland og oppmoda til dialog både med styresmaktene og opposisjonen. Russland la vekt på den bindande karakteren samarbeidet har og at siktemålet må vere å utvikle eit felles rettsområde for heile Europa. Særleg prioriterte Russland arbeidet med menneskerettane, samarbeidet på det juridiske området, sosial utjamning med vekt på svake grupper, demokrati, godt styresett og interkulturell dialog. Det uttalte målet til Russland var å styrkje Europarådet si evne til å møte nye samfunnsutfordringar i ei tid med globalisering. Det er etter norsk syn positivt at Russland gjennom formannskapet stadfesta den vekta landet legg på samarbeidet i Europarådet.

Frå norsk side la vi stor vekt på å samarbeide godt med Russland i formannskapsperioden, mellom anna gjennom felles arrangement som ein konferanse for funksjonshemma i St. Petersburg i september 2006. Noreg bidrog òg til ein konstruktiv dialog mellom Russland og EU under forhandlingane om den nye samarbeidsavtalen mellom Europarådet og EU.

Den russiske formannskapet blei samtidig prega av det generelt vanskelegare tilhøvet mellom EU og Russland og dessutan av uro over den politiske utviklinga internt i Russland, og då særleg vilkåra for menneskerettane. Fleire enkeltsaker med høg profil blei tekne opp i Europarådet, mellom anna drapet på journalisten Anna Politkovskaja i oktober 2006. Det blei òg stilt krav frå fleire

hald om at Russland må oppfylle forpliktingane sine overfor Europarådet og syte for ei stabil utvikling av demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.

Tilhøvet til EU er svært viktig for den vidare utviklinga til Europarådet. Den såkalla Juncker-rapporten, utarbeidd av den tidlegare statsministeren i Luxembourg, tilrår eit mykje tettare samarbeid mellom Europarådet og EU. Det er påkravd med eit tettare samarbeid for å sikre den vidare utviklinga i Europarådet, og Noreg har difor teke aktivt del i forhandlingane om den nye samarbeidsavtalen. Regjeringa har såleis arbeidd for tettare konsultasjonar mellom Europarådet og EU, medrekna ei etablering av faste samordningsmøte mellom Europarådet, EU-kommisjonen og medlemslanda. Regjeringa meiner at eit slikt samarbeid er viktig for at innsatsen for menneskerettane, rettsstaten og eit godt styresett i dei nye demokratia skal bli meir samordna. Det er dessutan venta at avtalen vil opne for tettare prosjektsamarbeid i dei nye demokratia.

Regjeringa legg òg stor vekt på å styrkje samordninga og koordineringa mellom Europarådet og andre internasjonale organisasjonar som FN og OSSE. På norsk side er vi tilfredse med at samarbeidet mellom Europarådet og OSSE har utvikla seg positivt sidan samarbeidsavtalen mellom dei to organisasjonane blei inngått etter norsk initiativ i 2004. Samarbeidet er i første rekkje knytt til å nedkjempe internasjonal terrorisme, menneskehandel, rasisme og framandfrykt, og dessutan til støtta til nasjonale minoritetar. Frå norsk side arbeider vi likevel for å utvide samarbeidet til fleire område, som arbeidet for toleranse og interkulturell dialog, og å betre samordninga i felt.

Noreg arbeider òg for å styrkje informasjonsutvekslinga og samarbeidet med FN, særleg med FNs organisasjon for utdanning og kultur (UNESCO) og FNs barnefond (UNICEF), mellom anna om kampanjen for barns rettar. Vi har òg arbeidd for å styrkje kontakten med det nye FN-menneskerettsrådet i Genève som heldt sin første sesjon i juni 2006.

Generalsekretæren i Europarådet, Terry Davis, har ved fleire høve vist vilje til å gripe inn i tilhøve som har med medlemslanda si etterleving av EMK å gjere. Særleg omtalte er dei undersøkingane generalsekretæren sette i verk i 2005 etter påstandar om at CIA hadde brukt europeiske land til transport og internering av fangar på veg til Guantánamo-basen på Cuba. Regjeringa svarte på førespurnaden med å slå fast at Noreg ikkje aksepterer at ufråvikelege menneskerettar og internasjonal humanitærrett blir krenkt på norsk territorium.

Samtidig uttrykte Noreg sterk uro over rapportar om at det kan ha funne stad transport av ulovleg pågripne fangar via europeiske lufthamner, og om at det kunne finnast hemmelege interneringssenter på europeisk territorium. Regjeringa slo vidare fast at det ikkje er grunn til å tru at norsk territorium har vore nytta til slik aktivitet, og at kampen mot terror må førast i fullt samsvar med internasjonal humanitærrett og menneskerettane, at tortur ikkje under noko omstende kan rettferdiggjera og at grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp må respekterast fullt ut. Regjeringa stadfesta vidare at dei er villige til å halde fram dialogen med Europarådet om å gjennomføre føresegnene i menneskerettskonvensjonen på best mogeleg måte.

Generalsekretæren tok etter kartlegginga og dei etterfølgjande undersøkingane i regi av Europarådets parlamentarikarforsamling opp spørsmålet om Europarådet burde utvikle nye juridiske instrument for å styrkje kontrollen med dei hemmelege tenestene og med luftrommet. Noreg, saman med ei rekkje andre medlemsland, meiner at Europarådet her bør vere tilbakehaldne fordi det går ut over mandatet og den normale verksemda til Europarådet. Fleire land meiner òg at det ikkje er behov for nye standardar eller juridiske instrument.

Regjeringa er oppteken av å styrkje det arbeidet Europarådet driv for å motverke framandfrykt og spreie kunnskap om andre kulturar. Striden om Muhammed-karikaturane medverka til eit større fokus på dette arbeidet, som er eit av kjerneområda til Europarådet. Europarådet har allereie sett i verk ei rekkje konkrete tiltak på dette området, mellom anna innanfor utdanning, ungdomssamarbeid og interkulturell og interreligiøs dialog, og dessutan samarbeid med media og frivillige organisasjonar. Ei kvitbok som vil ta dette arbeidet vidare, er under utarbeiding. Noreg vil halde fram med å arbeide for å gjere Europarådet meir synleg og profilert på dette området. Etter regjeringa sitt syn er særleg arbeidet for å sikre inkludering og mangfald i utdanningssektoren og i ungdomsarbeidet eit fortrinn for Europarådet. Frå norsk side ser vi på om det lèt seg gjere å opprette eit Europarådssenter for demokratiutdanning og interkulturell dialog i Noreg.

Etter eit nordisk-baltisk initiativ stiller handlingsplanen frå Warszawa-toppmøtet krav om at Europarådet må effektivisere organisasjonen og arbeidsmetodane og skape større openheit. Samtidig er det avgjerande å sikre auka ressursar til domstolen. Dette tvingar fram ein gjennomgang av prioriteringane og arbeidsformene i organisasjonen. Regjeringa har den haldninga at reformene

må vidareførast, og at vi må sjå på både strukturen og ei mogeleg utfasing av aktivitetar som ikkje bidreg til kjerneområda i Europarådet.

Regjeringa ser det som viktig å styrkje den regionale dimensjonen i samarbeidet i Europa og har støtta framlegget om å opprette eit Europarådssenter for regionalt samarbeid i St. Petersburg. Noreg har formannskapet i Kongressen for lokale og regionale styresmakter i 2006–2008, og regjeringa ser dette som eit godt høve til å medverke til å auke fokuset på at det er viktig med eit europeisk samarbeid på lokalt og regionalt nivå. Det planlagde byråmøtet for lokalkongressen i Tromsø i juli i år vil vere eit godt høve til å presentere regjeringa si nordområdesatsing og bidra med våre erfaringar frå dei regionale samarbeidsfora som er oppretta.

Europarådet har òg ei viktig rolle når det gjeld å skape merksemd om situasjonen for sårbare grupper. Her har Noreg medverka aktivt til europarådskampanjane, som den treårige kampanjen mot kvardagsvald, den treårige handlingsplanen for barns rettar, oppfølginga av Europakonvensjonen mot menneskehandel og det tiårige handlingsprogrammet for likestilling for funksjonshemma.

Som følge av Noreg sitt langvarige engasjement i Midtausten er Noreg blitt oppmoda om å hjelpe Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) med å utvikle eit samarbeid med Unionen av arabiske konstitusjonsdomstolar. Noreg har ei positiv innstilling til eit slikt samarbeid og vil særleg arbeide for at programmet blir retta inn mot dei palestinske sjølvstyremaktene.

Noreg nyttar òg stillinga som leiar av arbeidsgruppa for menneskerettsforkjemparar (*Human Rights Defenders*) aktivt til å auke merksemda om å betre vernet av menneskerettsforkjemparar. Europarådets menneskerettskommissær er sentral i dette arbeidet.

## **2 Det institusjonelle samarbeidet**

### **2.1 Den europeiske menneskerettsdomstolen**

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og protokollane til denne ligg til grunn for Europarådsarbeidet for menneskerettane. Konvensjonen blei vedteken i Roma i 1950 og er seinare supplert og endra med 14 protokollar. Konvensjonen har ei unik stilling i det europeiske menneskerettsvernet særleg av to årsaker, for det første på grunn av den kompetansen Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har til å

treffe bindande avgjerder mot statar som er part i konvensjonen, og for det andre fordi alle personar som hevdar å ha vore utsette for brot på rettane i konvensjonen eller protokollane til konvensjonen har rett til å fremje ei klagesak for domstolen. Med utvidinga av Europarådet gjeld denne retten no 800 millionar personar i 46 land.

I 2006 treffe Menneskerettsdomstolen 29 658 rettslege avgjerder som avslutta saker. Av desse var 1 560 dommar og resten avvisingsvedtak. Dette er ein auke frå 2005 på 4 % i talet på rettslege avgjerder totalt og 57 % i talet på dommar som er avsagde. Auken i talet på dommar kjem av at domstolen har prioritert viktige saker høgare, noko vi frå norsk side har teke til orde for. Meir enn 90 % av klagenene til domstolen blir avviste. Meir enn 70 % av dommane som blei avsagde i 2006, gjaldt følgjande åtte statar: Tyrkia (334), Slovenia (190), Ukraina (120), Polen (115), Italia (103), Russland (102), Frankrike (96) og Romania (73). Det blei avsagt éin dom mot Noreg i 2006.

Menneskerettsdomstolen er ikkje i stand til å halde tritt med den drastiske auken i talet på klager som kjem inn. Dette inneber at restansane stadig blir større og at det oppstår uakseptable forseinkingar i handsaminga av visse saker. I 2006 mottok domstolen meir enn 50 000 nye klager, ein auke på 11 % frå året før. Ved utgangen av 2006 hadde domstolen nesten 90 000 saker til handsaming, ein auke på 12 % frå 2005. Vel 20 % av desse var mot Russland, 12 % mot Romania og 10 % mot Tyrkia.

På toppmøtet i Europarådet i 2005 var det semje om å treffe naudsynte tiltak for å sikre at EMK er effektiv på lang sikt. Medlemsstatane forplikta seg til å gje Menneskerettsdomstolen den naudsynte støtta og å gjennomføre reformpakken som blei vedteken på utanriksministermøtet i mai 2004, medrekna å ratifisere EMK protokoll 14, å gjennomføre nasjonale tiltak for å førebyggje og reparere brot på menneskerettane og å betre etterlevinga av dommane frå Menneskerettsdomstolen. I tillegg blei det vedteke å opprette ei gruppe av vise personar som skulle komme med framlegg om ytterlegare reformtiltak.

EMK protokoll 14 vil gjere sakshandsaminga ved Menneskerettsdomstolen enklare, særleg ved at færre dommarar tek del i handsaminga av opplagde saker. Det er rekna med at protokollen vil setje domstolen i stand til å auke kapasiteten med minst 25 %. Sidan protokollen medfører endringar i EMK, må den ratifiserast av alle konvensjonsstatane. Målet var at protokollen skulle tre i kraft innan mai 2006. Ved utgangen av 2006 hadde Russland ikkje ratifisert han. Til liks med dei andre medlemsstatane og institusjonane i Europarådet

har regjeringa gjentekne gonger oppmoda Russland om å ratifisere protokollen.

Ministerkomiteen har plikt til å føre tilsyn med statane si etterleving av dommar som Menneskerettsdomstolen har avsagt. Noreg har dei siste åra gått i bresjen for å betre det tilsynet Ministerkomiteen fører med statane si etterleving av dommar, og har arbeidd aktivt for større openheit og eit nærare samarbeid med andre organ i Europarådet. I 2006 reviderte Ministerkomiteen prosedyrereglane sine og vedtok mellom anna, etter framlegg frå Noreg, å utarbeide årsrapportar om etterlevinga av dommar. Den første årsrapporten vil bli utarbeidd for 2007. Vidare vedtok utanriksministrane i 2006, etter framlegg frå Noreg, å styrkje innsatsen for ei meir effektiv etterleving av dommane til Menneskerettsdomstolen, mellom anna gjennom årlege trepartsmøte med representantar for Parlamentariskarforsamlinga, Menneskerettskommissæren og Ministerkomiteen.

Gruppa av vise personar, under leiing av tidlegare president for EF-domstolen Gil Carlos Rodriguez Iglesias, la 15. november 2006 fram den endelige rapporten sin med ti framlegg for å sikre eit effektivt europeisk menneskerettssystem for framtida. Gruppa understrekar at Menneskerettsdomstolen er i ein alvorleg situasjon og at systemet står i fare for å bryte saman dersom det ikkje blir treft naudsynte reformtiltak. Gruppa understrekar at det er viktig at protokoll 14 trer i kraft raskt, og meiner at det er naudsynt med ekstraordinære tiltak for å redusere talet på saker som ventar på å bli handsama. Det viktigaste framlegget frå gruppa er å opprette eit nytt judisielt silingsorgan i domstolen som skal handsame dei enklaste sakene slik at dei noverande dommarane kan konsentrere seg om prinsippaker. Eit anna framlegg er å flytte organisatoriske føresegner i EMK over i eit nytt instrument – domstolsvedtekter – for å gjere domstolsystemet meir tilpassingsdyktig i framtida. Andre framlegg er mellom anna å gjere det mogeleg for dei øvste nasjonale domstolane å be Menneskerettsdomstolen om rådgjevande fråsegner, å overføre utmålinga av erstatningar til nasjonale styresmakter i saker der Menneskerettsdomstolen har konstatert brot på EMK og dessutan å utvide den rolla Menneskerettskommissæren har.

Noreg har arbeidd for at rapporten skal bli følgd opp med ein brei og open høyringsprosess, og Utanriksdepartementet har invitert til nasjonale konsultasjonar om rapporten. Rapporten vart òg diskutert i kontaktkomiteen mellom Ministerkomiteen og domstolen, som frå hausten 2006 har vore leidd av Noreg. Frå norsk side er vi i hovudsak positivt innstilte til framlegga frå gruppa, men

stiller spørsmål ved om dei går langt nok. Dersom ikkje Russland snart ratifiserer protokoll 14, vil det innebere eit alvorleg tilbakeslag for heile reformprosessen.

Domstolen avsa éin dom mot Noreg i 2006 – Kaste og Mathisen mot Noreg. Dette gjaldt ei nar-kotikasak der lagmannsretten som ledd i bevisføringa hadde gjeve løyve til at ei politiforklaring frå ein medtiltalt som ikkje ville forklare seg i retten, blei lesen opp utan at forsvararane fekk høve til å stille spørsmål til den medtaltale. Dette var i strid med den retten dei sikta har til å krysseksaminere vitne, og det blei difor konstatert brot på retten til rettferdig rettargang, artikkel 6 nr. 1 og artikkel 6 nr. 3 bokstav d).

I tillegg fann det i fjor stad ei munnleg høyring i Domstolens storkammer i to saker mot Noreg. Desse sakene er framleis ikkje avgjorde. Den eine saka, Saramati mot Frankrike, Tyskland og Noreg, gjeld den NATO-leidde Kosovo-styrken (KFOR) si forvaring av ein kosovoalbaniar i Kosovo i 2001–2002. Noreg er mellom dei statane som er klagar inn fordi sjefen for KFOR var norsk då Saramati blei teken i forvaring. Til liks med Frankrike og Tyskland, og med støtte frå ei rekkje andre land, har Noreg kravd saka avvist ved å vise til at klagaren ikkje var innanfor norsk jurisdiksjon. Dette er ei prinsipielt viktig sak som kan få mykje å seie for internasjonale fredsoperasjonar.

Den andre saka, Folgerø med fleire mot Noreg, gjeld fritaksordninga for KRL-faget (kristendom, religion og livssynskunnskap) i norsk offentleg grunnskule. Klagarane har sett fram at fritaksordninga som blei innført i 1997, var eit brot på retten til tanke-, samvits- og religionsfridom, retten til respekt for privatliv og familieliv, forbodet mot diskriminering og retten til utdanning. Det er forventat at dommen vil falle ein gong i 2007.

Av dei dommane som blei avsagde av Menneskerettsdomstolen i 2006, gjeld 60 % såkalla repetitive saker, det vil seie at det allereie er slege fast brot på konvensjonen i tilsvarende saker tidlegare. Rundt to tredjedelar av desse sakene dreidde seg om retten til rettferdig rettargang (EMK art. 6), ei heil rekkje av desse gjaldt sein sakshandsaming i rettssystemet på nasjonalt plan. Andre store grupper gjaldt brot på eigedomsretten (EMK protokoll 1 art. 1), brot på retten til liv (art. 2) og forbodet mot tortur (art. 3). Ei anna interessant utvikling er at stadig fleire dommar har sitt opphav i miljøspørsmål og ureiningssaker der det blir slege fast ulike brot på fleire av føresegnene i EMK, som retten til liv, respekten for privatliv og familieliv, ein rettferdig rettargang, retten til eit effektivt rettsmiddel, tryngsfridom og vern om eigedom.

## 2.2 Kommissæren for menneskerettar

Menneskerettskommissæren skal medverke til å fremje kunnskapen om og respekten for menneskerettane i medlemslanda. Kommissæren vitjar medlemslanda, og rapportane frå desse vitjingane gjev verdfulle innspel til å identifisere problemområda og kva tiltak som kan vere tenlege for å betre menneskerettssituasjonen.

Kommissæren vitja sju land i 2006: Danmark, Estland, Latvia, Litauen, Tsjekkia, Tyskland og Ukraina. Etter vitjinga i Tyrkia trekte kommissæren særleg fram farane for urettmessige straffefølgingar som eit resultat av den breie definisjonen av terrorisme i anti-terrorismelovgjevinga i landet.

Kommissæren vitja Noreg første gongen i 2001 og følgde opp med ei ny vitjing hausten 2005. Rapporten frå vitjinga blei lagd fram i mars 2006. Her blir norske styresmakter rådde til å halde fram med å betre tiltaka for å sikre rettane til dei innsette og særleg betre situasjonen for varetektsfengsla, avgrense bruken av isolat og betre tilhøva for barn i varetekt. Tiltak for å sikre dei juridiske rettane til flyktningar og asylsøkjjarar bør òg vidareførast. Noreg blir oppmoda om å vidareføre merksemda om vald mot kvinner, og ein ønskjer særleg at Noreg fokuserer på situasjonen til innvandrarkvinnene. Noreg får ros for innsatsen mot menneskehandel både nasjonalt og internasjonalt. Det blei òg gjeve ros til Noreg for oppfølginga av handlingsplanen mot rasisme og diskriminering og for tiltak som er blitt sette i verk for minoritetar og urfolk.

## 2.3 Den europeiske torturkomiteen (CPT)

Den europeiske torturkonvensjonen opprettar eit kontrollsystem der Den europeiske torturkomiteen (CPT) kan vitje medlemslanda for å undersøkje korleis personar som er fråtekne fridommen, blir behandla. Målet er å førebyggje brot på forbodet i EMK mot tortur og umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff.

Komiteen vitjar mellom anna fengsel, politiarrestar og psykiatriske institusjonar. Komiteen skal ha fri tilgang til dei aktuelle stadane og kan ha fortrulege samtalar med dei personane som er fråtekne fridommen, utan at andre er til stades. Komiteen er med jamne mellomrom i dialog med styresmaktene i medlemslanda.

Komiteen har vitja Noreg fire gonger, seinast i oktober 2005, og la fram den endelege rapporten sin om vitjinga i mars 2006. Her påpeikte komiteen at norske styresmakter viste godt samarbeid med komiteen under vitjinga. Komiteen var særleg oppteken av situasjonen for pågripne som er i politiet

sine arrestar, og korleis dei som sit i varetekt blir behandla. Komiteen meinte at det bør vere eit mål at dei som sit i varetekt, ikkje skal overførast til opphald i politiarrest. Vidare var komiteen oppteken av tilhøva for dei som sit i varetekt, særleg graden og omfanget av isolasjon, og dessutan av at det manglar eit tilstrekkeleg aktivitetstilbod for desse.

Samtidig peikte komiteen på at utviklinga når det gjeld å styrkje lovreguleringa og domstolskontrollen med bruken av ulike restriksjonar under varetekt, var tilfredsstillande. Det blei òg framhevd som positivt at straffegjennomføringslova med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer seier at det er ei prioritert oppgåve for kriminalomsorga å bøte på dei negative verknadene av isolasjon for dei som sit i varetekt, og syte for at desse innsette blir prioriterte med omsyn til aktivitetar og samvær med dei tilsette.

Norske styresmakter gav i september 2006 svar på alle dei tilrådingane, kommentarane og førespurnadene om informasjon som det blei spurt etter i rapporten frå komiteen. Det er ei høgt prioritert oppgåve å syte for å følgje opp tilrådingane i rapporten med konkrete tiltak.

Rapporten har vore eit viktig bidrag til arbeidet med ei forskrift om bruken av politiarrest, som tredde i kraft frå 1. juli 2006. Etter den nye forskrifta er hovudregelen at overføringa frå politiarrest til fengsel skal skje innan to døgn etter pågripinga, med mindre dette av praktiske grunar ikkje lèt seg gjere. Rapporten vil òg vege tungt i samband med at det blir utferda ei ny forskrift for internatet til Politiet si utlendingseining på Trandum. Også bruken av den snevre unntaksregelen som tillèt varetekt i isolasjon utover 12 veker, vil bli følgd nøye opp av norske styresmakter.

## 2.4 Den reviderte europeiske sosialpakta

Noreg ratifiserte Den reviderte europeiske sosialpakta (av 1996) i 2001. Sosialpakta er den viktigaste sosiale konvensjonen i Europarådet og omfattar mellom anna rettane til barn og ungdom, rettane til familien og likestilling, og dessutan vern av arbeidstakarar når arbeidsforholdet blir avslutta og når arbeidsgjevaren går konkurs, sikring mot sosial utestenging og retten til bustad.

I 2006 blei rapportane for åra 2003 og 2004 handsama. Noreg fekk kritikk mellom anna fordi det etter norsk rett er tillate for skuleungdom å jobbe i meir enn halve sommarferien. Noreg er også tidlegare blitt kritisert for dette tilhøvet saman med mellom anna Sverige. Etter norsk syn er kritikken til dels ugrunna fordi det er grenser for kva slags arbeid skuleungdom kan utføre, og

fordi arbeidet ikkje er nødvendig for familieøkonomien. Vidare blei Noreg kritisert for ikkje å ha opplysningar om minsteløner. Sidan Noreg ikkje har noka lov om minsteløn, ligg det difor heller ikkje føre statistikk om minsteløner. Det vil likevel, som tidlegare, bli tinga ein eigen statistikk på dette området frå Statistisk sentralbyrå. I begge tilfella tok komiteen opplysningane til etterretning.

I tillegg blir Noreg, saman med ei rekkje andre land, kritisert for at vi ikkje godkjenner trygdeperiodar for enkeltpersonar frå land som ikkje har trygdeavtalar med Noreg, dvs. land utanfor EU-/EØS-samarbeidet. Det er usemje mellom medlemmene i ekspertkomiteen om korleis denne artikkelen skal forståast, og fire av medlemmene dissenterer. Komiteen tok til etterretning at landa, mellom desse Noreg, ikkje vil akseptere ekspertkomiteen si tolking av denne artikkelen.

## 2.5 Venezia-kommisjonen

Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) blei oppretta for å støtte demokratiseringsprosessen i dei sentral- og austroeuropeiske landa ved å gje juridisk assistanse til utforminga av grunnlover og andre sentrale lover. I 2006 gav Venezia-kommisjonen assistanse til mellom anna Albania, Armenia, Aserbajdsjan, Bosnia-Hercegovina, Kroatia, Finland, Georgia, Kviterussland, Kasakhstan og Kirgisistan. Kommisjonen arbeider med eit breitt saksfelt og uttalte seg i 2006 mellom anna om blasfemi og hatefulle ytringar om religion, video-overvaking på offentleg stad, standardar for demokratiske val i SUS-landa, retningslinjer for folkerøystingar, utviklinga av ei ny grunnlov for Montenegro, den juridiske statusen til dommarar i Ukraina og revisjonen av vallova i Armenia.

Kommisjonen arbeider òg med å greie ut om generelle juridiske spørsmål som er viktige for utviklinga av demokratiet og rettsstaten. Eit viktig prosjekt er å organisere det praktiske samarbeidet mellom forfatningsdomstolane eller den øvste instansen i det vanlege domstolsapparatet i medlemsstatane. Etter kvart er arbeidsområdet utvida til òg å omfatte land utanfor Europa. Noreg har tidlegare medfinansiert samarbeidet med Sør-Afrika og tek sikte på å medverke fagleg og finansielt til eit nytt samarbeidsprogram med Unionen av arabiske konstitusjonsdomstolar med vekt på samarbeidet med dei palestinske sjølvstyremaktene. Dette vil vere eit ledd i arbeidet med å utvide den interkulturelle dialogen mellom Europa og andre regionar. Samarbeidet er venta å ta form i 2007. Kommisjonen samarbeider òg med Nettverket av

asiatiske konstitusjonsdomstolar og OSSEs kontor for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR).

### 3 Arbeidet i medlemslanda

Dei politiske drøftingane i Europarådet i 2006 blei prega av Kypros-konflikten, konfliktane i Sør-Kaukasus (m.a. om Nagorno-Karabakh), det spente tilhøvet mellom Georgia og Russland, striden mellom Armenia og Tyrkia om i kva grad armenarane blei utsette for folkemord under den første verds-krigen og Transnistria-konflikten i Moldova.

I tillegg til at aktuelle politiske spørsmål blir drøfta etter kvart, er det oppretta rutinar for å sjå til at medlemslanda oppfyller pliktene sine i Europarådet. Gjennom sine ni feltkontor på Balkan og i Kaukasus får Europarådet kvar månad rapportar om utviklinga. Også utviklinga i Russland og då særleg mediefridommen og arbeidstilhøva for frivillige organisasjonar, blei drøfta ved fleire høve.

Vidare har Ministerkomiteen drøfta og uttalt seg om parlamentsvalet i Ukraina, folkerøystinga i Montenegro, den såkalla folkerøystinga i Nagorno-Karabakh, dødsdommane mot bulgarsk helsepersonell i Libya og situasjonen i Kviterussland. Tilhøvet mellom Russland og Georgia, konflikten mellom Armenia og Aserbajdsjan om Nagorno-Karabakh og situasjonen i Transnistria har blitt hand-sama kontinuerleg.

Europarådet gjev òg hjelp og råd til medlems-landa om reformer innan offentlig forvaltning. Samarbeidet med Russland er særleg godt utbygd, men det er òg eit vesentleg samarbeid med Serbia, Bosnia-Hercegovina, Armenia, Aserbajdsjan, Georgia, Ukraina, Moldova og Albania.

#### 3.1 Balkan

Europarådet har i 2006 lagt ned mykje arbeid for å styrkje respekten for menneskerettane, eit godt styresett og oppbygginga av rettsstatlege ordningar i landa på Vest-Balkan. Det er krav om fullt samarbeid med Den internasjonale domstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Europarådet overvaker kontinuerleg den demokratiske utviklinga i Serbia og i Bosnia-Hercegovina.

Vurderinga er at Serbia har som intensjon å følge opp forpliktingane knytte til medlemskapen, og landet har slutta seg til ei rekkje av europarådskonvensjonane. Vidare observerte Europarådet formelt folkerøystinga i Serbia om ny grunnlov i oktober 2006 som einaste internasjonale aktør.

Grunnlovsrevisjonen var påkravd fordi grunnlova hadde stått uendra sidan Milosevic-regimet fall. Det gjenstår framleis utfordringar når det gjeld utbygginga av demokratiske institusjonar, opplæring innanfor rettsstellet, tiltak mot korrupsjon og organisert kriminalitet og vern av minoritetane sine menneskerettar. Her gjev Noreg eit betydeleg bidrag, og regjeringa ser det som viktig å vidareføre dette samarbeidet. Serbia overtek formannskapen i Europarådet i mai 2007 og vil leggje ned store ressursar i dette vervet.

Europarådet samarbeider nært med FN i Kosovo, og innsatsen er særleg retta inn mot ei konsolidering av ombodsmannsinstitusjonen, desentralisering og lokaldemokrati, støtte til det sivile samfunnet, mellom anna til Pristina Institute for Political Studies, og ei reform av rettsstellet og politiet. Den kompetansen Venezia-kommisjonen har på statsrettslege spørsmål blir òg nytta av andre internasjonale organisasjonar i Kosovo.

Etter at unionen mellom Serbia og Montenegro blei oppløyst, er det forventat at Europarådet vil ta Montenegro opp som ny medlem i 2007. Landet deltok som observatør i 2006.

Etter invitasjon frå styresmaktene i landet blei vala i Bosnia-Hercegovina i oktober 2006 observerte av ein komité sett ned av Parlamentarikarfor-samlinga. Komiteen samarbeidde med OSSE. Vala blei rekna for å halde eit forsvarleg nivå og vere i tråd med normene til Europarådet, med visse unntak. Høvet til å stille til val avheng framleis av etnisk bakgrunn, og dette er eit brot på protokoll 12 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen om forbod mot diskriminering. Europarådet har rådd styresmaktene til å gjere konstitusjonelle endringar for å endre på dette, og tilbyr juridisk hjelp.

I spørsmålet om den framtidige statusen til Kosovo har Europarådet medverka når det gjeld vern av menneskerettar, antikorrupsjon, vern av kulturminne og desentralisering. Europarådet har leidd arbeidsgrupper for kulturarv og har samarbeidd med OSSE og FNs høgkommissær for menneskerettar om vern av nasjonale minoritetar. Europarådet arrangerte i 2006 seminar om kringkasting og medielovgjeving og ålmenta si deltaking i den offentlege debatten, og har delteke med observatørteam til vala som er haldne i provinsen.

Når det gjeld Stabilitetspakta for Sørøst-Europa har Europarådet halde fram med arbeidet sitt for å sjå til at lovutviklinga er i samsvar med Den europeiske menneskerettskonvensjonen, ei styrking av det lokale demokratiet, ei etablering av ombodsmenn, tiltak for nasjonale minoritetar, pressefridom og utdanning.

Noregs fond (Trust Fond) for Vest-Balkan blir forvalta av Europarådets utviklingsbank (CEB). Fondet som blei oppretta i 2004, set banken i stand til mellom anna å gjennomføre pilotprosjekt og innleiande granskingar som fører til større låneengasjement innanfor bustadbygging, repatriering av flyktningar og utvikling av institusjonar. Hjelp til kvinneretta tiltak og til utvikling av små og mellomstore føretak blir prioritert.

Europarådet arbeider aktivt for å skape større medvit om situasjonen til romafolket (sigøynarane). Diskriminering og manglande integrering er ein av dei største humanitære og sosiale utfordringane på Balkan, særleg i Bosnia-Hercegovina. Romafolket utgjer ofte ei gruppe som er marginalisert sosialt, økonomisk og politisk. Dei bur til dels i uorganiserte busetjingar og manglar ofte nødvendig dokumentasjon for å bevise tilknytning og eigarrettar. Det at barnefødsler ikkje blir registrerte, fører til at dei blir ute-stengde frå samfunnet. Romafolket er i liten grad inkludert i utdanningssystemet – og har òg høg fråfallsprosent. Europarådet har oppretta eit eige romaforum i Strasbourg der utsendingar frå romafolket og dei reisande møtest for å drøfte aktuelle problem.

### 3.2 Kaukasus

Kaukasus er framleis prega av uløyste konflikhtar. Europarådet held fram med å overvake Armenia, Aserbajdsjan og Georgia i tråd med dei forpliktingane dei tok på seg då dei blei medlemmer. Europarådet gjev fagleg hjelp til det reformarbeidet styresmaktene driv, særleg når det gjeld ytrings- og organisasjonsfridommen, arbeidsvilkåra til media, lovgjevinga for frivillige organisasjonar og sjansane for politiske parti i opposisjon.

Overvakinga av Armenia og Aserbajdsjan har særleg vore retta mot respekten for politiske rettar, medie- og ytringsfridommen og oppbygginga av rettsstatlege ordningar. I Georgia har merksemda vore retta mot menneskerettssituasjonen i utbrytarrepublikkane Abkhasia og Sør-Ossetia, og det er forventa at det blir lagt fram ein rapport om menneskerettssituasjonen i første halvår i 2007.

Europarådets menneskerettskommissær vil vitje Georgia i 2007. Det vil vere viktig å ta omsyn til dei vurderingane han kjem med i det vidare arbeidet innanfor justissektoren i Georgia, der Noreg er engasjert gjennom den såkalla Styrkebrønne som er sett saman av norske dommarar, representantar for påtalemakta osv.

Konflikten mellom Georgia og Russland blei drøfta i Europarådet fleire gonger i 2006. Begge landa erkjenner at menneskerettsstandardane til Europarådet skal respekterast, sjølv om ein del politiske spørsmål ikkje er avklarte. Det ligg då òg

føre gjensidige skuldningar om brot på Den europeiske menneskerettskonvensjonen, mellom anna i behandlinga av etniske georgiarar i Russland og undertrykkinga av russiske journalistar i Georgia.

Europarådet har hatt eit samarbeid med Russland i Tsjetsjenia sidan 2004. Russiske styresmakter og Europarådet har samarbeidd om rehabiliteringsprosjekt og om å styrkje menneskerettane, etterforske forsvinningar og utvikle lokalt sjølvstyre. Det har vore gjennomført mange aktivitetar i samarbeid med Europarådets menneskerettskommissær som dei siste åra har spelt ei svært framtrèdande rolle når det gjeld samarbeidet med Russland om Tsjetsjenia. I tillegg til fagleg hjelp til å byggje opp ombodsmannsordningar er det òg arrangert rundebordskonferansar for å styrkje dialogen og kontakten i området.

### 3.3 Moldova, Ukraina og Kviterussland

Siktemålet med europarådsarbeidet i Moldova er å føre lovgjevinga og rettsstellet i tråd med normene til Europarådet. Vidare er arbeidet for frie medium og eit styrkt lokalt sjølvstyre viktig. Konflikten i Transnistria blir drøfta jamleg.

Frå norsk side vil Styrkebrønne sitt engasjement i Moldova frå mars 2007 vere eit viktig bidrag til ein reform av justissektoren. Regjeringa legg vekt på å sjå dette i samanheng med arbeidet til Europarådet.

For Ukraina ligg det føre ein samarbeidsplan frå 2005. Samarbeidet rettar seg særleg mot å sikre rettane til barn i offentlege institusjonar og tiltak mot diskriminering av romafolket. Ei oppdatering av handlingsplanen er venta gjennomført hausten 2007. Europarådet har òg utarbeidd ein handlingsplan for Kviterussland der ein tek sikte på å styrkje det sivile samfunnet, utdanning og media.

Regjeringa legg stor vekt på å styrkje menneskerettane og det sivile samfunnet i Kviterussland. Noreg vil difor medverke til handlingsplanen ved å støtte ei utveksling av studentar frå Minsk til studium i Moskva og Kiev. Ordninga er organisert av det sivile samfunnet og krev ikkje samarbeid med Lukasjenko-regimet. Dette vil vere eit viktig tillegg til det auka norske bidraget til eksiluniversitetet for kviterussiske studentar i Vilnius, der Nordisk ministerråd òg er engasjert.

## 4 Det mellomstatlege samarbeidet

### 4.1 Menneskerettar

Styringskomiteen for menneskerettar har ansvaret for å følgje opp arbeidet med reformer som blei

vedteke i mai 2004 for å sikre framtida til Menneskerettsdomstolen. Styringskomiteen har mellom anna kartlagt korleis medlemsstatane følgjer opp tilrådingane om nasjonale tiltak for å førebyggje og rette opp brot på EMK, og har komme med framlegg for å effektivisere etterlevinga av dommane frå EMD. Noreg har spelt ei aktiv rolle i dette arbeidet, som vil halde fram i 2007.

Vidare er menneskerettane i multikulturelle samfunn drøfta, med fokus på retten til å bere religiøse symbol på offentleg stad og tilhøvet mellom ytringsfridommen og vernet mot hatefulle ytringar. Siktemålet er å utarbeide handbøker som ei rettleiing til å handsame slike saker, noko vi frå norsk side ser på som eit godt tiltak.

I samarbeid med Menneskerettskommissæren arrangerte styringskomiteen hausten 2006 eit seminar om vern av og støtte til menneskerettsforvararar i Europa. Dette er eit tema som har vore særleg viktig for Noreg, og styringskomiteen oppnemnde ei spesialistgruppe under norsk leiing til å følgje opp seminaret.

Ei anna spesialistgruppe arbeider med ein konvensjon om innsyn i forvaltningsdokument, som det er venta vil bli ferdigstilt i 2007. Noreg er ein pådrivar i dette arbeidet.

## 4.2 Likestilling

Europarådsarbeidet med likestilling er særleg retta inn mot å arbeide for at kvinner og menn skal få like sjansar og rettar, og å hindre vald mot og handel med kvinner. Toppmøtet i 2005 gav sterk støtte til ein vidare innsats for å auke likestillinga og peikte særleg på områda nasjonale likestillingsiltak, tiltak mot vald mot kvinner og mot menneskehandel. Noreg har vore ein pådrivar i dette arbeidet.

Europarådet har lege i forkant internasjonalt når det gjeld å utvikle metodar for å integrere likestilling på alle fagområde, og har mellom anna utarbeidd tilrådingar om korleis dette arbeidet best kan fremjast. Noreg deltok i 2006 mellom anna i arbeidsgrupper for å utarbeide retningslinjer for å integrere kvinneperspektivet i budsjettarbeidet og i arbeidet for å vidareutvikle standardar og mekanismar for å integrere kvinner i arbeidslivet.

Handel med kvinner for seksuell utbytting er eit anna viktig spørsmål. Noreg arbeidde aktivt i styringskomiteen for å få vedteke ein europeisk konvensjon mot menneskehandel på toppmøtet. Regjeringa tek sikte på å ratifisere konvensjonen ein gong i 2007.

## 4.3 Vald mot kvinner

På toppmøtet i 2005 blei det vedteke å styrkje arbeidet mot vald mot kvinner. Arbeidet har sidan dette vore retta inn mot å nedkjempe vald mot kvinner på nasjonalt nivå og å utarbeide eit oversyn over situasjonen på europeisk nivå. Europarådskampanjen *Safe and Free Every Woman's Right* blei lansert i Madrid i november 2006. Kampanjen er basert på at det einskilde medlemslandet gjennomfører tiltak nasjonalt og rapporterer til Europarådet.

Noreg sende over oversynet over nasjonale tiltak i oktober 2006. Justisdepartementet tek hand om rolla som nasjonal koordinator for dette arbeidet.

## 4.4 Menneskehandel

Kampen mot menneskehandel er ei prioritert oppgave for regjeringa. Dei landa som er medlemmer i Europarådet, representerer både opphavsland, transittland og mottakarland for menneskehandelen. Landa har ulike utfordringar når det gjeld menneskehandel, og dette blir spegla i Europarådskonvensjonen for tiltak mot menneskehandel som blei vedteken i 2005.

Konvensjonen styrkjer verkemidla for å nedkjempe menneskehandel og tiltaka for å verne ofra for menneskehandel. Han vil komme til å utgjere eit viktig rammeverk for samarbeidet særleg med opphavslanda til ofra for menneskehandel i Europa. Det vil bli oppretta ein overvakingsmekanisme for å føre tilsyn med korleis landa etterlever konvensjonen. Overvakingssystemet (GRETA) vil vere sett saman av uavhengige ekspertar frå medlemslanda, og Noreg har signalisert at vi er interesserte i å vere representerte i dette organet.

Konvensjonen vil tre i kraft når ti land har ratifisert han, venteleg ein gong i 2007.

Noreg underteikna konvensjonen på toppmøtet i 2005 og arbeidde i 2006 med å førebu ein ratifikasjon av konvensjonen.

Noreg arrangerte eit regionalt seminar i Oslo i november 2006 i samarbeid med Europarådet. Konferansen var eit ledd i Europarådet sin kampanje mot menneskehandel Human Being – not for Sale. Formålet med konferansen var å auke medvitet om konvensjonen og å medverke til at så mange land som mogeleg tiltrer konvensjonen.

Som eit ledd i den treårige kampanjen for rettane til barn (*Building a Europe for and with Children 2006–2008*) blei det sett i gang eit arbeid med å utarbeide ein ny europarådskonvensjon mot seksuelt misbruk av barn. Siktemålet er å styrkje det internasjonale samarbeidet på dette feltet. Også

Europakampanjen mot kvardagsvald og vald mot kvinner har berøringspunkt med tiltaka mot menneskehandel. Det pågår òg eit standardsetjande arbeid i Europarådet når det gjeld tiltak mot sal av organ gjennom styringsgruppene for helse og bioetikk. Målet er å medverke til å redusere etterspurnaden etter illegal handel med organ. Fleire av desse tiltaka blei omtalte i regjeringa sin nye handlingsplan mot menneskehandel, «Stopp menneskehandelen» (2006 – 2009), som blei lansert i desember 2006.

## 5 Juridisk samarbeid

### 5.1 Sivilrettsleg samarbeid

Styringskomiteen for samarbeidet om sivilrett omfattar mellom anna arbeidet for å fremje effektive og demokratiske rettssystem i dei sentral- og austuropeiske landa. Komiteen har faste underkomitear på områda forvaltningsrett, statsborgarskap og familierett. I 2006 overtok styringskomiteen òg ansvaret for asyl- og flyktningsspørsmål.

Komiteen utarbeidde i 2006 mellom anna eit framlegg til ein revidert konvensjon om adopsjon, ei tilråding om god forvaltning og ei tilråding om gjeldsproblem. Det blei òg sett i gang forstudier knytte til terrorisme, forsikringsordningar som dekkjer skadar frå terrorhandlingar og avslag på opphaldsløyve for terroristdømte.

Samarbeidet om utviklinga av rettslege tilhøve i medlemsstatane skjer no i hovudsak i Den europeiske kommisjonen for effektivitet i rettssystema, som blei oppnemnd i 2002 som eit særskilt organ under ministerkomiteen. Kommisjonen skal medverke til at domstolane i medlemslanda fungerer betre og at dei blir meir effektive, for på den måten å gje innbyggjarane større tiltru til rettferdige dommar. Han skal òg leggje til rette for effektivitet og rettferd i rettssystema. Kommisjonen har ikkje overvakings- eller kontrolloppgåver.

To ekspertgrupper under kommisjonen har arbeidd med kriterium for å evaluere den rettslege handsaminga og tidsfristane for slik handsaming. Noreg har teke aktivt del i dette arbeidet og var i 2006 representert i kommisjonen gjennom Domstolsadministrasjonen. Kommisjonen har skapt eit nettverk av pilotdomstolar der ein lagmannsrett (Frostating) og ein tingrett (Nordhordland) er med frå Noreg. Noreg er òg med i det såkalla Lisboa-nettverket, som er eit diskusjonsforum for å fremje kompetanseutvikling for dommarar og påtalemakta.

Europarådet har òg oppretta ein møteplass for europeiske dommarar. Det rådgjevande rådet har med éin dommar frå kvart medlemsland og gjev fråsegnar om prinsipielle sider ved rettslege spørsmål. Rådet har mellom anna uttalt seg om ein alternativ måte å løyse tvistar på for å avhjelpe saksmengda og saksavviklinga i nasjonale domstolar.

### 5.2 Strafferettsleg samarbeid

Styringskomiteen for strafferettslege spørsmål, kriminologi og fengselssaker har mellom anna arbeidd med ei tilråding om vern av vitne. Styringskomiteen har oppnemnt ein strafferetts- og straffeprosesseksperter som, med assistanse frå ekspertar innan folkehelse og kvalitetskontroll, skal sjå på om det lét seg gjere å forhandle fram ein konvensjon om falske medisinar og farmasøytisk kriminalitet. Vidare vil det bli arbeidd med å styrkje fengselsstandardane.

Europarådet har utarbeidd eigne rettslege instrument mot korrupsjon. To konvensjonar mot korrupsjon, ein strafferettsleg og ein sivilrettsleg, blei lagde ut for undertekning i 1999. Same året bestemte nokre medlemsstatar seg for å opprette *Group of States against Corruption* (GRECO) for å sjå til at konvensjonspartane følgjer opp forpliktingane sine. Dette samarbeidet tel no i alt 44 land, og Noreg har vore medlem sidan 2001.

Medlemskapen i GRECO føreset at landa tek del i gjensidige evalueringsprosessar. Til liks med dei fleste medlemslanda har Noreg blitt evaluert i to evalueringsrundar. I 2006 fastsette GRECO at Noreg har oppfylt alle tilrådingane frå dei to evalueringane.

I 2006 vedtok GRECO å setje i gang ein tredje runde med evaluering av medlemslanda frå 2007. Denne runden vil omfatte gjennomføringa og praktiseringa av strafferettslege føresegnar som er relevante for Europarådets strafferettslege konvensjon mot korrupsjon, og medlemslanda si regulering av openheit rundt finansieringa av politiske parti.

### 5.3 Folkerett

Folkeretten er i konstant utvikling og får stadig meir å seie. I Europarådets ad hoc-komité for folkerettsrådgjevarar deltek rettssjefane frå utanriksdepartementa i alle medlemsstatane i Europarådet og ei heil rekkje observatørstatar og organisasjonar. Komiteen kjem saman for å utveksle og om mogeleg samordne synspunkt om ei rekkje aktuelle folkerettslege spørsmål, mellom anna spørsmål som blir handsama av FN's folkerettskommisjon.

Komiteen fungerer òg som eit europeisk observatorium for dei atterhalda som nokre statar har teke når dei har slutta seg til multilaterale konvensjonar, og medlemsstatane utvekslar synspunkt på og samordnar om mogeleg reaksjonane mot uakseptable atterhald.

I 2006 fokuserte komiteen mellom anna på mogelegheiten for å løyse tvistar på ein fredeleg måte gjennom Den internasjonale domstolen (ICJ), på tilhøvet mellom menneskerettar og humanitærrett og på gjennomføringa av forpliktingar knytte til Den internasjonale straffedomstolen (ICC). Noreg leidde eit eige konsultasjonsmøte under komiteen om ICC.

Komiteen har òg oppretta ein database om den nasjonale gjennomføringa av FN-sanksjonar og respekten for menneskerettar i samband med dette og ein annan database om organiseringa av rettsavdelingane i dei ulike medlemslanda, særleg for å hjelpe nye medlemsstatar. Vidare publiserte komiteen ei bok om statspraksis når det gjeld statsimmunitet.

Noreg legg stor vekt på arbeidet i komiteen, og retts sjefen i Utanriksdepartementet har for tida vervet som nestleiar.

#### 5.4 Internasjonal terrorisme

Arbeidet mot internasjonal terrorisme har vore høgt prioritert i Europarådet sidan 11. september 2001. Ein ny konvensjon om førebygging av terrorisme blei lagt ut for undertekning på toppmøtet i 2005. Konvensjonen har tre hovudsiktemål: å kriminalisere at det offentleg blir oppmoda til terrorhandlingar, at det blir drive rekruttering til terrorisme og at det blir øvd på terrorhandlingar. Frå norsk side har vi vore særleg opptekne av at arbeidet skal gje konkrete resultat og at ein må unngå at arbeidet til Europarådet og til FN overlappar kvarandre. Konvensjonen vil tre i kraft når seks land har ratifisert han, truleg ein gong i 2007. Noreg var aktivt med på å utarbeide konvensjonen, men det vil krevje lovendingar før vi kan ratifisere han.

Europarådet har oppnemnt ein eigen ekspertkomité som samordnar arbeidet med terrorisme, og der OSSE, Europakommisjonen, OECD, Interpol, Europol, FN og Den internasjonale raudekrossen òg deltek som observatørar. Kampen mot terrorisme er òg eitt av dei fire formaliserte områda for samarbeidet mellom Europarådet og OSSE.

Europarådet har i tillegg til dette utarbeidd retningslinjer for mellom anna tiltak for dei som er ofre for terrorhandlingar, mediefridom i kampen mot terrorisme, forhørsteknikkar, vitnevern og reglar for å utferde identitets- og reisepapir.

## 6 Sosiale spørsmål

### 6.1 Sosial likestilling og sosialpolitikk

Toppmøtet i 2005 gav si tilslutning til arbeidet med ein handlingsplan for perioden 2006–2015 for personar med nedsett funksjonsevne, som blei endeleg vedteken i april 2006. Eit eige forum for å koordinere og følgje opp handlingsplanen vil ha sitt første møte våren 2007.

Den russiske formannskapet i Europarådet og den norske formannskapet i Nordisk ministerråd arrangerte i september 2006 ein felles europeisk konferanse *Improving the Quality of Life of People with Disabilities in Europe: Participation for All, Innovation, Effectiveness* i St. Petersburg. Lanse- ringa av Europarådet sin handlingsplan for funksjonshemma 2006–2015 stod sentralt. I slutterklæringa frå konferansen blir medlemslanda oppmoda om å syte for ei aktiv oppfølging av handlingsplanen.

Etter initiativ frå den norske formannskapet i Europarådet i 2004 blei det oppnemnt ei ekspertgruppe som utarbeidde tilrådingar og retningslinjer for å byggje ned institusjonsomsorga og utvikle lokalbaserte tenester som støttar opp under dei evnene familien har og dei sjansane dei har til å ha omsorg for sine funksjonshemma barn. Gruppa la i 2006 fram ein eigen rapport for Komiteen for rehabilitering og integrering av funksjonshemma. På bakgrunn av tilrådingane frå gruppa vil arbeidet bli vidareført fram til utgangen av juni 2008.

### 6.2 Sosiale rettar og helse

Ekspertgruppene under komiteen for sosialt sam- høyr gjorde i 2006 ferdig arbeidet med bustadpoli- tiske verkemiddel for utsette grupper og inte- grerte sosiale tenester. Resultata frå arbeidet er i tråd med den generelle prioriteringa Noreg har om å styrkje menneskerettane, demokratibygginga og styrkinga av sosiale og politiske rettar.

Det er venta at ei ad hoc-ekspertgruppe på høgt nivå, sett ned etter toppmøtet i 2005 for å utforme framlegg til ein ny strategi på det sosialpolitiske området, vil avslutte arbeidet sitt ein gong i 2007.

På helseområdet blei tilrådingar om mellom anna helsetenester i eit multikulturelt samfunn, balansen mellom sjukehus og primærhelseteneste, organtransplantasjonar, migrasjon av helseperso- nell og pasienttryggleik godkjende.

I 2006 kom den 12. revisjonen av manualen for blodtryggleik, som har vore eit svært godt og etter- spurt hjelpemiddel i mange delar av verda.

### 6.3 Bioetikk-komiteen

Bioetikk-komiteen er Styringskomiteen for bioetiske spørsmål og behandlar emne knytte til konvensjonen om menneskerettar og følgjer opp etterlevinga av biomedisinkonvensjonen. Konvensjonen tek sikte på å verne verdigheita og identiteten til alle menneske og utan diskriminering å garantere respekten for integritet og andre grunnleggjande rettar knytte til bruken av biologi og medisin. Fleire protokollar og tilrådingar er knytte til biomedisinkonvensjonen.

Mykje av verksemda til komiteen i 2006 var konsentrert om å gjere ferdig eit utkast til ein protokoll om genetisk testing. Protokollen vil bli den fjerde i rekkja av protokollar til konvensjonen om menneskerettar og biomedisin. Utkastet inneheld retningslinjer for genetiske testar av fødte menneske. Formålet er å verne om menneskeverdet og sikre respekten for integritet og menneskelege rettar i samband med genetiske undersøkingar. Protokollen omfattar mellom anna artiklar om informasjon og genetisk rådgjeving, samtykke og autorisasjon. Det er venta at arbeidet med utkastet til protokollen skal vere slutført i juni 2007.

### 6.4 Narkotikasamarbeidet

Pompidougruppa er Europarådets samarbeidsgruppe for narkotikaspørsmål på ministernivå. Gruppa har som formål å medverke i kampen mot narkotikaproblema med vekt på å redusere både tilbodet og etterspurnaden i narkotikamarknaden. Gruppa har eit nært samarbeid med andre regionale og internasjonale organisasjonar på narkotikaområdet. Regjeringa ser på Pompidougruppa som eit viktig forum for utveksling av informasjon og utvikling av tiltak.

Det er sett ned seks ekspertgrupper som arbeider med behandling, førebygging, etikk, rettshandheving, flyplassproblematikk og forskning. Det blei i 2006 gjennomført ei rekkje prosjekt innanfor ramma av arbeidsprogramma til Pompidougruppa med særleg vekt på å betre kontakten mellom aktørar som er involverte i politikktutforming, praksis og forskning.

I november 2006 avgjorde Ministermøtet at arbeidet i gruppa skulle vidareførast. Noreg vil delta i byrået til gruppa i 2007 og vil få eit særskilt ansvar for behandlingsspørsmål.

## 7 Nasjonale minoritetar og innvandringsspørsmål

### 7.1 Vern av nasjonale minoritetar

Europarådet gjer eit omfattande arbeid for å verne nasjonale minoritetar med utgangspunkt i ramme-

konvensjonen om vern av nasjonale minoritetar. Hovudformålet med konvensjonen er å hindre at nasjonale minoritetar blir diskriminerte, å syte for at desse gruppene oppnår full likestilling, å garantere at dei har full organisasjons- og ytringsfridom og å fremje minoritetane sin kultur. Rammekonvensjonen pålegg statane å rapportere til Europarådet om lovgjeving og andre tiltak som er gjennomførte for å setje prinsippa i rammekonvensjonen ut i live.

Noreg deltek i Europarådets ekspertkomité for spørsmål som gjeld romafolket (sigøynarane). Komiteen har særleg arbeidd med at romakvinnene er utsette for å bli ofre for menneskehandel.

Etter oppmoding frå Ekspertkomiteen for romaspørsmål finansierte Noreg i samarbeid med Europarådet eit seminar om menneskehandel i Strasbourg hausten 2006. Deltakarar var romakvinner frå Albania, Moldova og Slovakia. Fokuset var på tiltak i lokalsamfunnet, tiltak for å få styresmaktene på forskjellige forvaltningsnivå involverte både politisk og økonomisk, og dessutan nettverksbygging.

Noreg deltok i Ekspertkomiteen for nasjonale minoritetar, noko som gjorde det mogeleg å utveksle erfaringar frå politikk og tiltak som gjeld nasjonale minoritetar i andre europeiske land.

Europarådet er òg engasjert i arbeidet med minoritetsspråk. Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk har som hovudformål å fremje bruken av minoritetsspråk eller språk som blir brukte i delar av eit land. Denne avtalen blir følgt opp ved at landa jamleg rapporterer om utviklinga, og ved at ei ekspertgruppe vitjar landa og deretter utarbeider rapportar om tilstanden for minoritetsspråka i medlemslanda.

Noreg har ein medlem i Den europeiske kommisjonen mot rasisme, intoleranse og framandfrykt (ECRI). Komiteen utarbeider generelle og landspesifikke tilrådingar om rasisme og intoleranse og publiserer døme på god praksis. Også Europarådets menneskerettskommissær er oppteken av å verne om rettane til minoritetane og fokuserer mykje på dette i arbeidet sitt.

### 7.2 Innvandringsspørsmål

Styringskomiteen for migrasjon leier arbeidet med migrasjons- og integreringsspørsmål. På møtet som komiteen heldt i april 2006, arrangerte Noreg og Sverige eit seminar der landa sin integreringspolitikk blei presentert. Innanfor ramma av den såkalla politiske plattformen blei det halde møte om eit betre samarbeid mellom land som produserer migrantar og mottakarland, med særleg vekt på middelhavsområdet. Noreg deltok i 2006 òg i to

ekspertkomitear som skal utarbeide tilrådingar om tiltak for at innvandrane skal få betre innpass i arbeidslivet, og om integrering av innvandrarbarn. Ministerkomiteen vedtok i juli 2006 ei tilråding frå styringskomiteen om innreiseløyve for utanlandske studentar, rettane og pliktene deira, og om samarbeid med heimlandet deira.

## 8 Barn og ungdom

### 8.1 Barnepolitisk samarbeid

Styringskomiteen for sosialt samhør har sidan 2004 hatt ein egen ekspertkomité for barne- og familiespørsmål. I 2005 og 2006 gav komiteen to ulike arbeidsgrupper i mandat å greie ut om spørsmål knytte til barneoppseding og foreldreskap og foreldreskap i fattige familiar. Saksområda er i tråd med handlingsprogrammet for rettane til barn og unge frå toppmøtet i 2005, som mellom anna handlar om å førebyggje vald mot barn. På grunnlag av desse utgreiingane vedtok Ministerkomiteen i desember 2006 ei tilråding om å utforme ein politikk for å styrkje godt foreldreskap og førebyggje vald mot barn.

Noreg har spelt ei aktiv rolle i planlegginga og gjennomføringa av dette arbeidet. Noreg medverka mellom anna til å finansiere ein europeisk konsultasjon med ungdommar og foreldre om synspunkt på barneoppseding. Mandatet til ekspertkomiteen gjekk ut ved utgangen av 2006.

I det nye handlingsprogrammet for rettane til barn og unge *Building a Europe for and with Children* har Noreg stilt seg positiv til å vere med vidare i arbeidet med å førebyggje vald mot barn. Dette arbeidet vil komme i gang i 2007.

Familieministerkonferansen i Portugal i mai 2006 gav viktig støtte til det arbeidet med godt foreldreskap og førebygging av vald mot barn som pågår. Familieministerkonferansen tok òg opp spørsmål og utfordringar knytte til lave fødselsratar i Europa og til tiltak for å motverke fattigdom i familiar, og dessutan at det er viktig å kunne kombinere eit godt familieliv med deltaking i arbeidslivet og at det er viktig å leggje til rette for ein familievennleg og barnevennleg politikk i medlemslanda.

### 8.2 Ungdomspolitisk samarbeid

Europarådsarbeidet med ungdomspolitiske saker blir utvikla og gjennomført i nært samarbeid mellom medlemslanda, frivillige internasjonale barne-

og ungdomsorganisasjonar, nasjonale ungdomsråd og andre grupper som arbeider med ungdomsspørsmål internasjonalt. Samarbeidet mellom medlemslanda finn i første rekkje stad i Styringskomiteen for ungdomsspørsmål, som omfattar alle dei 49 landa som har slutta seg til Europarådet sin kulturkonvensjon. Dei ikkje-statlege barne- og ungdomsorganisasjonane og andre relevante partnerar har ein eigen rådgjevande komité. Styringskomiteen og den rådgjevande komiteen held felles møte for å drøfte og fastsetje hovudprioriteringane på ungdomsområdet på grunnlag av retningslinjene frå Ministerkomiteen.

Europarådsarbeidet på ungdomsområdet forvaltar store ressursar gjennom drifta av ungdomscentra i Strasbourg og Budapest og ved å fordele tilskot frå Det europeiske ungdomsfondet. Noreg medverkar med frivillige bidrag til fondet. Det er oppretta ein egen programkomité som fordeler midlar frå fondet til prosjekt i regi av ungdomsorganisasjonar i Europa eller andre bestemte samarbeidspartnarar. Programkomiteen er sett saman av regjeringsrepresentantar med ansvar for ungdomspolitik og representantar frå frivillig sektor. Noreg deltek i Programkomiteen i perioden 2006–2008.

Europarådet har eit eige program for å lære opp og skolere ungdomsleiarar. Europarådet har ein samarbeidsavtale med Europakommisjonen om denne verksemda. Samarbeidsavtalen omfattar òg prosjektet «Europeisk kunnskapsdatabase om situasjonen til ungdommar i medlemslanda» og eit samarbeidsprosjekt for landa rundt Middelhavet.

I handlingsplanen frå toppmøtet blei det lansert ein ny ungdomskampanje for mangfald, toleranse og deltaking, *All Different – All Equal*. Det blei sett ned ei styringsgruppe for å planleggje og gjennomføre kampanjen, og her har Noreg teke aktivt del. Ungdomskampanjen har eit svært avgrensa europeisk budsjett, og kampanjen er difor i stor grad basert på nasjonal gjennomføring i medlemslanda. Kampanjen blei opna i Strasbourg i juni 2006. Det blei arbeidd med å førebu tre konferansar knytte til dei tre emna mangfald, menneskerettar og deltaking. Den første konferansen blei arrangert i Det europeiske ungdomssenteret i Budapest i 2006.

Noreg har sett ned ein nasjonal kampanjekomité med brei deltaking frå norske ungdomsorganisasjonar. Den nasjonale delen av kampanjen har eit budsjett på om lag 4,3 mill. kroner i 2006 og 2007. Ein vesentleg del av den nasjonale finansieringa blir nytta til lokale og regionale aktivitetar organiserte av dei organisasjonane og ungdomsgrupperingane som deltek i kampanjen. Kampanjen blir avslutta i oktober 2007.

## 9 Kultur, media og idrett

### 9.1 Kultursamarbeid

I 2006 prioriterte Styringskomiteen for kultur den interkulturelle dialogen og førebygginga av konflikter, ein gjennomgang av kulturpolitikken i medlemslanda og tiltak for å fremje kulturelt mangfald. Kulturkomiteen arbeidde i 2006 med ei melding om interkulturell dialog og førebygging av konflikter som vil bli lagt fram for Ministerkomiteen. Planen er å lansere dokumentet før EUs *European Year of Intercultural Dialogue* i 2008.

Noreg utarbeidde eit oversyn over norsk kulturpolitikk som bidrag til kompendiet om europeisk kulturpolitikk. Publikasjonen har som mål å presentere kulturpolitikken til alle medlemslanda. I presentasjonane blir det lagt særleg vekt på aspekt knytte til interkulturell dialog og førebygging av konflikter.

Etter kulturministerkonferansen i Faro i Portugal i 2005 har styringskomiteen arbeidd vidare med å definere ein strategi for tverrkulturelt samarbeid i medlemslanda. Det blei lagt vekt på å utvide samarbeidet mellom medlemslanda i Europarådet og geografiske naboområde, som dei sørlige middelhavslanda og Midtausten, og å styrkje samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar, som EU og FNs organisasjon for utdanning og kultur (UNESCO).

### 9.2 Media og ytringsfridom

Dei mediepolitiske spørsmåla i Europarådet har i første rekkje blitt handterte av Styringskomiteen for massemedia og Den faste komiteen for fjernsyn over landegrensene. Noreg deltek i begge og i Ekspertgruppa for menneskerettar i informasjonssamfunnet og Ekspertgruppa for mediemangfald.

Styringskomiteen for massemedia arbeider no etter mandatet som blei fastsett i samband med Medieministerkonferansen i Kiev i 2005. Styringskomiteen slutførte i 2006 mellom anna arbeidet med ei tilråding om kriteria for allmennkringkasting i informasjonssamfunnet og ei tilråding om mediemangfald. Begge dokumenta blei vedtekne av Ministerkomiteen i januar 2007.

Ekspertgruppa for menneskerettar i informasjonssamfunnet utarbeidde i 2006 ei tilråding om å styrkje barna sin situasjon i informasjons- og kommunikasjonssamfunnet, som blei vedteken av Ministerkomiteen. Gruppa arbeidde òg vidare med å revidere ei tidlegare tilråding om media si deking av politiske valkampar i lys av ny teknologi og

med å utarbeide retningslinjer for aktørane i informasjonssamfunnet sett i lys av menneskerettane.

Ekspertgruppa for mediemangfald har hatt som mandat å overvake korleis konsentrasjonen av media utviklar seg i Europa, studere konsekvensane for ytrings- og informasjonsfridommen og komme med framlegg til tiltak for å ta vare på og utvikle mediemangfaldet. Gruppa drøfta mellom anna å opprette eit europeisk nettverk av ekspertar som kan samle den informasjonen som ligg føre om mediekonsentrasjonen og følgjene av ein slik konsentrasjon.

Europarådskonvensjonen av 1989 om fjernsyn over landegrensene er ratifisert av 31 land, mellom dei Noreg. Russland undertekna konvensjonen i 2006.

Den faste komiteen for fjernsynssendingar over landegrensene arbeidde med revisjonen av fjernsynskonvensjonen. Målet er at revisjonen så langt det lèt seg gjere skal skje parallelt med revisjonen av EUs TV-direktiv. Dette inneber at konvensjonen truleg blir utvida til å gjelde meir enn reine fjernsynssendingar. For å skunde på revisjonen har komiteen oppretta ei arbeidsgruppe med ekspertar frå seks medlemsland. Eit fleirtal går inn for at den nye konvensjonen skal vere open for ratifikasjon òg frå land som ikkje er medlemmer av Europarådet.

Noreg hadde i 2006 òg formannskapet i Det europeiske audiovisuelle observatorium som utfører eit viktig marknadsobservasjonsarbeid innanfor den internasjonale film- og TV-industrien. Observatoriet arbeider særleg med problemstillingar og analyser knytte til den aukande kommersialiseringa av kringkastingssektoren.

### 9.3 Idrett

Arbeidet mot doping og mot tilskodarvald er hovudsakene i idrettssamarbeidet. Noreg deltek fast i dei to årlege møta i gruppa som overvaker medlemsstatane si oppfølging av Anti-dopingkonvensjonen, og i dei to møta i ad hoc-komiteen som har ansvaret for å koordinere synspunkta i spørsmål kring Verdas antidopingbyrå (WADA).

Fordi det er behov for å unngå at utgiftene på Europarådsbudsjettet stig, vil delar av idrettssamarbeidet bli tekne ut av det ordinære budsjettet og lagt til ein eigen delavtale om idrett. Siktemålet etter idrettsministermøtet i Moskva i oktober 2006 er å lansere denne delavtalen på utanriksministermøtet i mai 2007. Delavtalen krev at minst 16 land seier seg villige til å delta i samarbeidet, og Noreg har meldt interesse for å delta.

## 10 Utdanning og forskning

Samarbeidet på utdannings- og forskingsområdet i Europarådet skjer i Styringskomiteen for utdanning og i Styringskomiteen for høgare utdanning og forskning. Noreg har sidan 2004 vore valt inn i byråa for begge desse komiteane.

Styringskomiteen for høgare utdanning og forskning har to representantar frå kvart land, éin representant for styresmaktene og éin akademiskar. For å gjere arbeidet i komiteen meir synleg, har komiteen dei siste tre åra arrangert konferansar om høgare utdanning og publisert ein bokserie om dei prosjekta komiteen har arbeidd med<sup>1</sup>. I 2006 blei det òg arrangert to konferansar, ein om kvalitetssikring av høgare utdanning og ein om det ansvaret høgare utdanningsinstitusjonar har for å skape ein demokratisk kultur. Det er òg oppretta eit globalt nettverk for høgare utdanning og demokratisk kultur.

I Styringskomiteen for høgare utdanning og forskning stod arbeidet med å utvikle verktøy for å godkjenne kvalifikasjonar frå høgare utdanning framleis sentralt i 2006. Lisboa-konvensjonen om godkjenning av høgare utdanning og supplerande tekstar til denne dannar grunnlaget for handlingsplanane for å godkjenne høgare utdanning som utdanningsministrane i medlemslanda etter planen skal handsame på eit ministermøte i Bologna-prosessen i London i 2007. Komiteen vedtok òg eit framlegg om avgjerd om det offentlege ansvaret for høgare utdanning og forskning og følgde aktivt opp arbeidet i ENIC-nettverket, som koordinerer arbeidet med å godkjenne høgare utdanning mellom landa i Europa, Nord-Amerika og Australia.

I samsvar med handlingsplanen frå toppmøtet blir Bologna-prosessen prioritert. Dette er ein paneuropeisk prosess som har som mål å opprette eit europeisk rom for høgare utdanning innan 2010. Det er 45 land som deltek i dette arbeidet. Europarådet deltek gjennom ei tett oppfølging av arbeidet i den internasjonale oppfølgingsgruppa (*Bologna Follow-up Group*), med særleg vekt på å hjelpe dei landa som nyleg er blitt ein del av prosessen, med rådgjeving om utvikling av lovverket.

Styringskomiteen for utdanning samarbeider om å utvikle skular og om opplæring. Viktige område, som òg blir høgt prioriterte frå norsk side, er språkopplæring, historieundervisning, opplæring i demokrati og menneskerettar og interkulturell dialog.

Noreg gav i 2005–2006 tilskot til eit prosjekt som har som siktemål å utvikle eit felles europeisk rammeverk for språkutdanning. Dette er ei vidareutvikling av det europeiske rammeverket for framandspråk som blei lansert i 2001.

Arbeidet med prosjektet *The European Dimension in History Teaching* blei starta i 2003. Noreg støttar prosjektet økonomisk og er representert både i ei prosjektgruppe og i redaksjonskomiteen. Målet er å gje historielærarar og elevar og studentar i Europa tilgang til historiske kjelder. Noreg har vidare teke på seg å leie eit prosjekt med tittelen *Policies and Practices for Teaching Socio-cultural Diversity Project* som dreier seg om mangfald i skulen. Noreg er òg med i prosjektgruppa som arbeider med *The Image of the Other in History Teaching*. Måla med dette prosjektet, som vil bli gjennomført i 2006–2009, er å opprette ei heimeside med nyskapande undervisningsmaterieil og opprette nettverk mellom lærarutdanningsinstitusjonar. Noreg har dessutan medverka økonomisk og fagleg i arbeidet med ei lærebok i religiøs mangfald og interkulturell utdanning (*Religious Diversity and Intercultural Education: A Reference Book for Schools*).

Noreg betalar òg eit årleg grunntilskot til og tek del i verksemda i Det europeiske senteret for moderne språk (ECML) i Graz, som har som oppgåve å fremje forskning og utvikling innanfor opplæring i framandspråk.

I 2006 blei det innleia ein dialog for å greie ut om det lét seg gjere å opprette eit nytt Europaråds-senter i Noreg vigd etterutdanning for lærarar, med arbeidstittelen *European Resource Centre for Education for Democratic Citizenship and Intercultural Education*. Diskusjonane om senteret eventuelt skal opprettast vil halde fram i 2007.

## 11 Kulturminneforvaltning og naturforvaltning

Styringskomiteen for kulturarv har ansvaret for å arbeide for å verne den fysiske kulturarven i Europa. Denne arven omfattar kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne. Komiteen forvaltar Granada-konvensjonen om vern av kulturminna i Europa, Malta-konvensjonen om vern av den arkeologiske kulturarven og rammekonvensjonen om verdien av kulturarv for samfunnet.

Europarådet vedtok rammekonvensjonen om verdien av kulturarv for samfunnet hausten 2005. Konvensjonen er den første som set kulturarven

<sup>1</sup> *I 2006 Higher education governance between democratic culture, academic aspirations and market forces og The Heritage of European Universities, 2<sup>nd</sup> ed.*

inn i ein sosial samanheng med dei følgjene dette har for kravet om respekt frå samfunnet generelt.

For å kunne følgje opp ministerkonferansane til FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE) med tema biologisk mangfald og naturforvaltning, blei det i 1995 oppretta eit samarbeid mellom Europarådet og FNs miljøprogram (UNEP). Samarbeidet omfattar òg frivillige organisasjonar og er eit ledd i oppfølginga av den såkalla paneuropeiske strategien for biologisk mangfald og landskapsvern.

Rettleiande for arbeidet i styringskomiteen er resolusjonen om biologisk mangfald som blei vedteken på ministerkonferansen *Environment for Europe* i Kiev i 2003. Resolusjonen set konkrete mål for korleis tapet av det biologiske mangfaldet skal stansast innan 2010 og oppmodar til å opprette eit nettverk for verneområde, til å stanse utbreiinga av framande artar og til å utvikle indikatorar for resultatmålingar i oppfølginga av vernet av det biologiske mangfaldet. Styringskomiteen arbeidde i 2006 med å følgje opp denne resolusjonen.

Noreg bidrog økonomisk til fleire prosjekt for å sikre det biologiske mangfaldet på Balkan og i Kaukasus. Resultata av fleire av desse prosjekta skal leggjast fram på ministerkonferansen i Beograd i 2007.

Noreg slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen i 2001 som det aller første av medlemslanda i Europarådet. Formålet med konvensjonen er å fremje vernet og forvaltninga av landskapet og å organisere europeiske samarbeid om dette. Konvensjonen gjeld i liten grad statleg vern etter naturvern- eller kulturminnelovene. Det sentrale er å skape større medvit om korleis ein opplever landskap og kva dette har å seie for den fysiske og mentale helsa og å skape større medvit om landskapsutvikling i kommunalpolitikken, i planlegginga av arealbruk og i stadutviklinga.

## 12 Regionalt og kommunalt samarbeid

Styringskomiteen for lokalt og regionalt demokrati arbeider med spørsmål om lokalt sjølvstyre, kommunal økonomi og forvaltning og den statlege styringa av kommunesektoren. Komiteen arbeider mellom anna for å medverke til å utvikle demokratiske institusjonar på lokalt nivå i landa i Sentral- og Aust-Europa. Komiteen har ein aktiv dialog med Europarådskongressen for lokale og regionale styresmakter. I 2006 omfatta arbeidet mellom anna demokratisk deltaking, offentleg etikk, utviklingstrekk i strukturen og sjølvstyret på regionalt nivå og interkommunalt samarbeid.

Senteret for ekspertise om lokalreformer blei oppretta i 2006 som eit prøveprosjekt i tre år. Senteret skal arbeide med prosjekt som skal styrkje den kapasiteten kommunesektoren har i arbeidet med leiarskap, offentleg etikk, tenesteyting og innbyggjarane si deltaking. Land i Sørøst-Europa blei prioriterte i 2006, men på noko lengre sikt skal senteret dekkje behovet for rådgjeving til alle dei medlemslanda som ønskjer det.

Den europeiske konferansen for ministrarar med ansvar for regional planlegging arbeider for ei berekraftig regional utvikling i Europa med vekt på økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige utfordringar. Ministermøta har fokus på menneskerettar, demokrati, institusjonsbygging, opplæring og utveksling av erfaringar. Målet er å betre livskvaliteten til folk gjennom å utvikle ei integrert tilnærming når politikken for miljø og landskap skal utformast, mellom anna for å førebyggje naturkatastrofar. Det blir mellom anna arbeid med å utvikle eit europeisk nettverk av modellregionar (innovative regionar) for lokalt sjølvstyre og folkeleg deltaking. Eitt av spørsmåla er å sjå på korleis ungdom kan verke som drivkrefter for å betre livskvaliteten i sitt lokalmiljø.

## 13 Dyreververn

Europarådet har vedteke fem konvensjonar som gjeld dyreververn, og Noreg har ratifisert alle. Under Forsøksdyrkonvensjonen blei opplysningar om miljøparametrar – temperatur, burstorleik o.l. – for hald av forsøksdyr vedteke som eit tillegg til konvensjonen i 2006.

Konvensjonen om vern av produksjonsdyr blei omarbeidd i 2006 med sikte på å utarbeide tilrådingar om hald (vern) av forskjellige dyreartar. Det blei utarbeidd retningslinjer og tilrådingar om kaninhald og ein revisjon av tilrådinga om storfehald. Vidare er det utarbeidd framlegg til særskilte retningslinjer for lakse- og aurehald som ein del av tilrådinga om hald av oppdrettsfisk. Det er venta at desse retningslinjene blir vedtekne ved utgangen av 2007.

## 14 Samarbeidet med andre organisasjonar

Europarådet har eit omfattande samarbeid med EU, OSSE og FN. Dette samarbeidet er viktig for å styrkje den internasjonale innsatsen og sikre større effektivitet i innsatsen til dei ulike organisasjonane.

### 14.1 Samarbeidet med EU

Forhandlingane om ein avtale (*Memorandum of Understanding*) om eit forsterka samarbeid mellom Europarådet og EU blir førte på grunnlag av mandat frå toppmøtet i 2005 og inneheld klare føringar om at den nye avtalen skal skape eit nytt rammeverk for eit styrkt samarbeid og ein tettare politisk dialog.

Den tidlegare statsministeren i Luxembourg, Jean-Claude Juncker, la fram rapporten sin om sambanda mellom Europarådet og EU for Parlamentarikarforsamlinga i april 2006. Hovudbodskapen er at det må skapast synergi heller enn konkurranse mellom dei to organisasjonane. Rapporten hevdar at europarådskonvensjonane har vore mønster for ein stor del av utviklinga av EU-regelverket, og at dette må speglast meir systematisk i EU si vidare utvikling av regelverk og samarbeidsprogram. Mellom anna tilrår rapporten at EU sluttar seg til Den europeiske menneskerettskonvensjonen for å unngå at det blir utvikla ulike standardar og ulik rettspraksis i menneskerettssaker. Det blir gjort framlegg om å gjere meir bruk av den kompetansen og dei institusjonane Europarådet har for å overvake menneskerettane og i utviklinga av lovene.

Juncker tek vidare til orde for ein styrkt politisk dialog både på politisk nivå og på embetsnivå og for å utvide samarbeidet mellom Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet og EU-parlamentet. Rapporten kritiserer den til dels ukoordinerte hjelpa til reformtiltak i dei nye demokratia i Sør-aust- og Aust-Europa. Juncker føreslår koordineringsmøte mellom EU-kommisjonen, sekretariatet i Europarådet og avgjerdestakarar frå medlemslanda for å samordne denne innsatsen.

For å sikre at Europarådet har tilstrekkeleg tyngde og profil, tilrår Juncker at generalsekretæren har bakgrunn som stats- eller regjeringssjef slik tilfellet er for presidenten i EU-kommisjonen.

Regjeringa støttar tilrådingane i Juncker-rapporten og har vore ein pådrivar for ein ambisiøs samarbeidsavtale med EU. Noreg går inn for å styrkje den politiske dialogen og syte for at reformhjelpa blir betre koordinert. Noreg har likeins hevda at det er behov for samarbeid når det gjeld menneskerettane for å unngå ulike standardar. Regjeringa er òg svært positiv til framlegget i Juncker-rapporten om å styrkje samarbeidet om ein interkulturell dialog, styrkje den parlamentariske dimensjonen i samarbeidet og styrkje samarbeidet på lokalt og regionalt nivå.

Det er håp om at forhandlingane om samarbeidsavtalen kan bli avslutta ein gong i 2007, sjølv om det framleis er ulike oppfatningar om kva form

ein slik samarbeidsavtale skal ha. Medan EU ønskjer at samarbeidsavtalen skal ha form av ei politisk erklæring, ønskjer Russland eit juridisk bindande dokument.

### 14.2 Samarbeidet med OSSE

Samarbeidet med OSSE utviklar seg positivt med god koordinering på viktige saksfelt i tråd med erklæringa frå Warszawa-toppmøtet. Samordninga omfattar kampen mot internasjonal terrorisme, menneskehandel, diskriminering og intoleranse og tiltak for nasjonale minoritetar. Samordninga omfattar regelmessige møte, felles saksførebuingar og tette konsultasjonar om nye initiativ.

Etter eit norsk syn er samordninga vesentleg. I kampen mot terrorisme blir innsatsen samordna til dømes på sju delområde: i) ivaretaking av menneskerettane, ii) rettsleg samarbeid, iii) tiltak mot finansiering av terrorisme, iv) vern av vitne og mottiltak mot v) oppmoding til, vi) rekruttering til og vii) trening til terrorisme. Når det gjeld menneskehandel, er hovudvekta lagt på å sikre at så mange land som mogeleg ratifiserer den nye Menneskehandelkonvensjonen frå Europarådet. Det blir vurdert å utvide samarbeidet til òg å omfatte tiltak mot misbruk av barn. Det blir arbeidd med ein felles publisasjon som vil vise OSSE- og europarådsstandardane når det gjeld rettane til nasjonale minoritetar. Når det gjeld toleranse og tiltak mot diskriminering, samarbeider dei om ungdomskampanjen *All Different – All Equal*. Det er likeins oppretta eit samarbeid mellom Europarådets antirasismekomité og OSSEs kontor for demokratiske institusjonar og menneskerettar.

### 14.3 Samarbeidet med FN

Europarådet samarbeider nært med FN om opplæring i menneskerettar. I tidlegare konfliktområde er samarbeidet tett, som i Kosovo og i Bosnia-Hercegovina. Det blir årleg halde eit koordineringsmøte mellom Europarådet og FN. I drøftingane om å opprette FNs nye råd for menneskerettar vitja presidenten i FNs generalforsamling, Jan Eliasson, Europarådet i januar 2006. Det blir vurdert å styrkje samarbeidet, medrekna ein tettare kontakt mellom sekretariata, deltaking i sesjonane til Menneskerettsrådet og informasjon til medlemmene i Rådet om Europarådet sine overvakingssystemar. FNs menneskerettsråd kan komme til å nytte seg av kompetansen i Europarådet.

Europarådet deltek aktivt i gjennomføringa av FNs konvensjonar mot terrorisme og dei aktuelle tryggingrådsresolusjonane på dette området

(1373/2001 og 1624/2005). Generalsekretæren deltek årleg med innlegg på FN's generalforsamling. Visegeneralsekretæren har i 2006 teke aktivt del i dei ulike FN-prosessane om tiltak mot menneskehandel, kampanjar mot vald og for å sikre rettane til barn. Europarådet har vidare gjennom ad hoc-komiteen for rådgjevarar i folkerett medverka med innspel til å betre sanksjonsapparatet frå FN si side ved brot på menneskerettane.

#### **14.4 Samarbeidet med frivillige organisasjonar**

Europarådet har utvikla eit breitt samarbeid med det sivile samfunnet og frivillige organisasjonar. Om lag 450 internasjonale frivillige organisasjonar har i dag deltakarstatus i Europarådet. Dei frivillige organisasjonane held jamlege møte i Strasbourg om aktuelle spørsmål og har gjeve innspel til fleire prosessar for utviklinga av demokrati i medlemslanda.

Fleire av handlingsplanane til Europarådet omfattar prosjekt som frivillige organisasjonar har komme med framlegg om og utført. Fleire land har revidert lovgjevinga si om frivillige organisasjonar, og det er oppretta ein eigen overvakingsmekanismen for dette.

som tilsvarte i overkant av 3,5 mrd. NOK. Det samla norske bidraget var på ca. 35 mill. NOK medrekna bidraga til delavtalane.

Debatten om budsjettet for 2007 var svært vanskeleg med stor spenning mellom medlemslanda. Frå norsk side vil vi styrkje domstolen gjennom auka ressursar. Medan det er ein stor grad av semje om at det er behov for å styrkje domstolen, står landa langt frå kvarandre når det gjeld korleis ein skal få dette til. Nokre land ønskjer å styrkje domstolen ved å skjere kraftig ned på andre aktiviteter, medan andre ønskjer ein brei dagsorden for Europarådet.

Toppmøteavgjerda etterlyste reformer for å effektivisere arbeidsformene og avgjerdsprosessane og for å gjere arbeidet i Europarådet meir ope og synleg. Dette gjeld både internt og eksternt. Med sikte på å vidareutvikle menneskerettane, demokratiet og rettsstaten er regjeringa oppteken av at òg område som sosialpolitikk, kultur, utdanning og miljø må bli følgde opp. Dette bør ikkje vere eit spørsmål om kostnader men snarare eit spørsmål om formålstenleg organisering. Ein føresetnad for reformarbeidet er at ambisjons- og aktivitetsnivået til Europarådet samsvarer med den evna og viljen medlemslanda har til å prioritere samarbeidet.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 11. mai 2007 om Noregs deltaking i Europarådet i 2006 blir send Stortinget.

### **15 Budsjett og administrativ reform**

Det ordinære budsjettet til Europarådet var på ca. 1,6 mrd. NOK i 2006. Noreg bidrog med ca. 25 mill. NOK. Delavtalane om tematisk samarbeid (som krev minst 16 deltakande land for å tre i kraft, og i dei fleste tilfelle varer i tre år) hadde i 2006 budsjett

**Vedlegg 1**

## Europarådet – medlemsland og institusjonar

For utfyllande informasjon sjå Europarådet sine heimesider [www.coe.int](http://www.coe.int).

Europarådet har 46 medlemsland. Etter at statsunionen mellom Serbia og Montenegro blei oppløyst, bekrefta Ministerkomiteen i juni 2006 at Serbia framleis var medlem av Europarådet. Montenegro søkte samtidig om medlemskap, og søknaden blei send til Parlamentarikarforsamlinga som vil komme med ei fråsegn i første halvår 2007. Det er kjent at ein i Parlamentarikarforsamlinga stiller seg positiv til medlemskap, men somme røyster har hevda at realitetsbehandlinga bør utsetjast til Montenegro har vedteke ei eiga grunnlov. Det er forventa at det blir teke ei avgjerd om medlemskap i 2007.

### Institusjonar

I statuttane til Europarådet frå 1949 blir det oppretta to politiske hovudorgan som skal styre organisasjonen. Ministerkomiteen er avgjerdsorganet til Europarådet og blir leidd av representantane for regjeringane. Parlamentarikarforsamlinga er sett saman av utsendingar frå nasjonalforsamlingane i medlemslanda og har ein rådgjevande funksjon overfor Ministerkomiteen.

*Ministerkomiteen* har eitt årleg møte på utanriksministernivå og kan elles komme saman på politisk nivå etter behov. Ministerkomiteen kjem saman kvar veke på ambassadørnivå gjennom medlemslanda sine faste representantar i Strasbourg. Sakene i Ministerkomiteen blir førebudde av ei rekkje tematiske rapportørgrupper som er sette saman av dei faste delegasjonane til medlemslanda. I mange tilfelle skjer realitetsdrøftingane der. Det er rapportørgrupper for demokrati og politiske saker, dagsaktuelle politiske spørsmål, eksterne relasjonar (EU, OSSE og FN), menneskerettar, juridiske saker, sosial- og helsespørsmål, kultur, utdanning, ungdomssamarbeid og sport, og dessutan administrasjon og budsjett. Det er ein fast kontaktkomité mellom Ministerkomiteen og Den europeiske menneskerettsdomstolen som mellom anna handsamar spørsmål om reformer i det europeiske menneskerettssystemet. I tillegg kjem spesialrapportørar for ulike tema, mellom anna for

lokalt og regionalt samarbeid. Rapportørgruppene støttar seg på informasjon og tilrådingar dels frå sekretariatet og dels frå styringskomitear og ekspertgrupper der representantar frå fagdepartementa i medlemslanda møter. Det er oppretta ei eiga arbeidsgruppe på ambassadørnivå for å følgje opp avgjerdene frå det tredje toppmøtet til Europarådet i Warszawa i 2005.

*Parlamentarikarforsamlinga* kjem saman til fire sesjonar i året, kvar av dei varer ei veke. Forsamlinga er sett saman av 315 representantar, med like mange vararepresentantar som møter fast, til saman 630. Delegasjonen frå Stortinget består av fem medlemmer og fem møtande varamedlemmer. Stortingsrepresentant Per-Kristian Foss er leiar for den norske delegasjonen. Parlamentarikarforsamlinga har ein omfattande struktur med eit presidentskap (byrå), ein ståande hovudkomité og ti faste komitear på dei ulike arbeidsområda til Europarådet. Det politiske arbeidet er organisert gjennom fem partipolitiske grupper. Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet har, ved sidan av EU-parlamentet, den mest omfattande organisasjonen for parlamentarisk samarbeid i Europa.

Parlamentarikarforsamlinga spelar ei svært aktiv rolle i Europarådet og er med på å leggje føringar for samarbeidet gjennom sine framlegg og rekommandasjonar. Forsamlinga er aktivt med i arbeidet med å integrere dei nye demokratia i arbeidet til Europarådet, i valobservasjon i samarbeid med OSSE og i å styrkje Europarådet sitt arbeid med nye utfordringar, som å fremje interkulturell dialog, førebygging av konflikter og andre aktuelle spørsmål. Det var Europarådets parlamentarikarforsamling som først sette i gang dei parlamentariske undersøkingane om dei påståtte CIA-flygingane, som var ei hovudsak i 2006. Seinare har EU-parlamentet òg teke opp den saka. I 2006 handsama Parlamentarikarforsamlinga òg spørsmål knytte til karikaturstriden, som tilhøvet mellom ytringsfridommen og respekten for religionar, drapa på kjende menneskerettsforkjemparar og journalistar, tryggleiken for energileveransar, tilhøvet mellom EU og Europarådet, tilhøva i Kvite-russland, i Kaukasus og på Balkan, særleg i

Kosovo og i Moldova. Ei rekkje regjeringssjefar og utanriksministrar deltok i sesjonane. Parlamentarikarforsamlinga har òg sett i gang arbeid for å styrkje den parlamentariske dimensjonen i Europarådet, auke openheita om det arbeidet dei driv og styrkje det demokratiske innsynet.

*Den europeiske menneskerettsdomstolen* har til oppgåve å sjå til at medlemslanda etterlever føresegnene i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) som tredde i kraft i 1953. I domstolen sit det éin dommar frå kvart av medlemslanda. Noreg er representert ved Sverre Erik Jebens. Justissekretariatet består av ca. 500 medarbeidarar. Domstolen er ein svært sentral institusjon i Europarådet og ein grunnpilar i menneskerettsarbeidet i Europa.

Eit anna sentralt organ er *Kongressen for lokale og regionale styresmakter* som er sett saman av folkevalde representantar frå kommunale og regionale organ i medlemslanda, like mange som i Parlamentarikarforsamlinga. Europarådets kommunalkongress blei oppretta i si noverande form i 1994 som eit rådgjevande organ i Europarådet. Kongressen er delt i to kammer, eitt for lokale og eitt for regionale folkevalde. Kongressen arbeider for å fremje lokalt og regionalt demokrati og sjølvstyre på grunnlag av mellom anna Det europeiske charteret om lokalt sjølvstyre. Arbeidet er elles ordna i fire faste komitear: Institusjonskomiteen, Komiteen for utdanning og kultur, Komiteen for berekraftig utvikling og Komiteen for sosial vel-

ferd. Noreg har fem delegatar i kommunalkongressen. Kongressen deltek aktivt i valobservasjon på lokalplanet og arbeider med samarbeidsprosjekt for å fremje demokratiutviklinga og samarbeidet mellom regionar og på lokalplanet. Frå Noreg deltek det representantar for kommunar og fylkesting. I 2006 blei leiaren av Kommunenes sentralforbund (KS), Halvdan Skard, vald til president i kongressen for ein periode på to år. Denne internasjonale leiarposisjonen gjer det mogeleg både å skape større interesse for arbeidet til kongressen i Noreg og å skape større interesse for Europarådet lokalt og regionalt. Europarådets erklæring om nedkjemping av menneskehandel blei i 2006 underteikna av meir enn 100 norske ordførarar i kommunar og fylkeskommunar. Underteikninga av erklæringa signaliserer at kommunane og fylkeskommunane ønskjer å forplikte seg og ha ei aktiv rolle i arbeidet mot menneskehandel. Tronge budsjetttrammer og behovet for at Kommunalkongressen definerer kva rolle den har i forhold til andre europeiske institusjonar, har ført til eit større fokus på prioriteringar i arbeidet til kongressen. Prioriteringane er baserte på handlingsplanen frå toppmøtet.

Arbeidet med å administrere samarbeidet i Europarådet er ressurskrevjande. *Sekretariatet* har 1709 fast tilsette medarbeidarar og 430 engasjementsstillingar, medrekna domstolen. Sekretariatet blir leidd av generalsekretær Terry Davis. Han blei vald i 2004 for ein mandatperiode på fem år.

**Vedlegg 2****Talen av utanriksminister Jonas Gahr Støre til det  
116. ministermøtet i Strasbourg 19. mai 2006**

President,

Noreg er svært engasjert i europeisk samarbeid og i Europarådet.

Vi kom fram til mange viktige konklusjonar på toppmøtet i Warszawa. No bør vi først og fremst fokusere på ei grundig oppfølging av handlingsplanen.

Eg vil gjerne få skissere kva Noreg meiner er dei fem viktigaste utfordringane for rådet.

For det første må vi handle no for å konsolidere og styrkje det europeiske systemet som vernar om menneskerettane og Menneskerettsdomstolen.

Med meir enn 80 000 saker å handtere og ein restansebunke som stadig veks, står domstolen overfor alvorlege problem om han skal kunne garantere for vernet av menneskerettane.

Noreg seier seg glad for alle tiltak som domstolen sjølv treffer for bli meir effektiv og for å leggje til rette for at protokoll 14 i Menneskerettskonvensjonen skal tre i kraft. Vi ber dei medlemsstatane som enno ikkje har ratifisert protokoll 14, om å gjere dette snarast. Det vi bør prioritere høgast, er å syte for at domstolen er berekraftig.

Eg seier meg glad for den førebels rapporten frå vismannsgruppa, og eg ser fram til den endelige rapporten frå dei. Som rapporten påpeiker, må det setjast i verk viktige tiltak i medlemsstatane både for å hindre og rette opp brot på menneskerettane.

Noreg kjem med framlegg om at det blir oppretta eit fond (Trust Fund) for å støtte nasjonale forsøk på å gjennomføre Menneskerettskonvensjonen. Vi føreslår at Europarådets utviklingsbank forvaltar fondet og utviklar det i samarbeid med sekretariatet. Vi vil gjerne samrå oss med alle interesserte partar om å utvikle dette framlegget vidare.

For det andre er eg ein sterk tilhengar av eit nærare samarbeid mellom Europarådet og EU.

Eg er svært glad for rapporten frå statsminister Juncker om det framtidige sambandet mellom dei to organisasjonane, og eg deler visjonen hans og konseptet om ein partnerskap mellom dei to. Programerklæringa vil vere eit verdfullt verktøy

for å unngå dobbeltarbeid og for å skape synergieffektar. Ved å oppmode om felles program og ein sterkare politisk dialog vil ein bidra til å sikre eit einsarta sett med menneskerettsstandardar i Europa.

For det tredje har Noreg òg ein visjon om eit regionanes Europa.

Mange av dei utfordringane – men òg sjansane – vi møter i globaliseringa si tidsalder, finn vi i nærmiljøet. Difor vil mange av løysingane vere å finne på dette planet òg.

Eg set pris på framlegget om å opprette eit senter for interregionalt samarbeid og samarbeid over landegrensene i St. Petersburg i regi av Europarådet, og eg oppmodar alle medlemsstatane om å støtte opp om dette initiativet.

For det fjerde driv Europarådet eit viktig arbeid for å oppmode til dialog mellom kulturar.

I mine auge er program og politikk som fokusere på unge og utdanning særleg viktig for å kunne byggje eit meir inkluderande Europa.

Noreg oppmodar til å auke samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar som OSSE, EU og FN for å fremje toleranse gjennom samtalar og forståing og ved å vere inkluderande.

Og heilt til sist, president, er den administrative og budsjettmessige reformprosessen framleis eit prioritert område som det hastar å gjere noko med.

Eg oppmodar sekretariatet om å vere særleg merksam på initiativ som vil fremje effektiviteten og samanhangen i organisasjonen. Eit tak på dei samla personalutgiftene er eit eigna tiltak. Land som er i ei slik stilling at dei kan, bør dekkje utgiftene når deira nasjonale ekspertar deltek på møter i Strasbourg.

Dersom vi skal styrkje den stillinga Europarådet har, må vi konsentrere oss om våre kjernemål – det å sikre menneskerettane, demokratiet og dei rettsstatlege prinsippa for alle europeiske borgarar.

Stor takk til Dykk, president, og til teamet Dykkar for den innsatsen De har lagt for dagen og den leiinga De har utøvd i heile den rumenske for-

mannskapsperioden. Eg vil òg få ønskje den påtroppande russiske formannskapen alt godt og forsikre den russiske kollegaen min om at Noreg

ser fram til å samarbeide nært med Russland òg i denne viktige funksjonen.

Takk for merksemda, president.

---

**Vedlegg 3**

## Medlemslanda i Europarådet i 2006

| <i>Land</i>        | <i>Opptaksdato</i> | <i>Land</i>                | <i>Opptaksdato</i> |
|--------------------|--------------------|----------------------------|--------------------|
| Albania            | 13. juli 1995      | Makedonia                  | 9. november 1995   |
| Andorra            | 10. november 1994  | Malta                      | 29. april 1965     |
| Armenia            | 25. januar 2001    | Monaco                     | 5. oktober 2004    |
| Aserbajdsjan       | 25. januar 2001    | Moldova                    | 13. juli 1995      |
| Austerrike         | 16. april 1956     | Nederland                  | 5. august 1949     |
| Belgia             | 8. august 1949     | Noreg                      | 30. juli 1949      |
| Bosnia-Hercegovina | 24. april 2002     | Polen                      | 26. november 1991  |
| Bulgaria           | 7. mai 1992        | Portugal                   | 22. september 1976 |
| Danmark            | 14. juli 1949      | Romania                    | 7. oktober 1993    |
| Estland            | 14. mai 1993       | Russland                   | 28. februar 1996   |
| Finland            | 4. mai 1989        | San Marino                 | 16. november 1998  |
| Frankrike          | 4. august 1949     | Serbia                     | 3. april 2003      |
| Georgia            | 27. april 1999     | Slovakia                   | 30. juni 1993      |
| Hellas             | 9. august 1949     | Slovenia                   | 14. mai 1993       |
| Irland             | 2. august 1949     | Storbritannia              | 26. juli 1949      |
| Island             | 7. mars 1950       | Spania                     | 24. november 1977  |
| Italia             | 3. august 1949     | Sveits                     | 6. mai 1963        |
| Kroatia            | 6. november 1996   | Sverige                    | 20. juli 1949      |
| Kypros             | 24. mai 1961       | Den tsjekkiske republikken | 30. juni 1993      |
| Latvia             | 10. februar 1995   | Tyrkia                     | 13. april 1949     |
| Liechtenstein      | 23. november 1978  | Tyskland                   | 30. juli 1959      |
| Litauen            | 14. mai 1993       | Ukraina                    | 9. november 1995   |
| Luxembourg         | 3. august 1949     | Ungarn                     | 6. november 1990   |

**Vedlegg 4****Rettsakter som er iverksette av Noreg og saker som gjeld Noreg  
frå 1. januar 2006 til 31. desember 2006****1 Europarådstraktatar****Underteikning**

12. oktober 2006: Europarådets konvensjon om unngåelse av statsløshet ved statssuksesjon (ETS 200)
18. oktober 2006: Konvensjon om informasjon og rettslig samarbeid vedrørende «informasjonssamfunnstjenester» (ETS 180)

**Ratifikasjon**

30. juni 2006: Konvensjon om bekjempelse av kriminalitet som knytter seg til informasjons- og kommunikasjonsteknologi (ETS185)
13. oktober 2006: Konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og menneskets verdighet i forbindelse med anvendelsen av biologi og medisin: Konvensjon om menneskerettigheter og biomedisin (ETS 164)

**Traktatar som har teke til å gjelde for Noreg i 2006**

14. mars 2006: Europarådets konvensjon om beskyttelse av dyr under transport (revidert) (ETS 193)
1. oktober 2006: Konvensjon om bekjempelse av kriminalitet som knytter seg til informasjons- og kommunikasjonsteknologi (ETS185)

**2 Tilrådingar frå ministerkomiteen****Tilrådingar, generelle**

- Rec(2006)19E / 13. desember 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om ein politikk for å støtte positivt foreldreskap
- Rec(2006)18E / 08. november 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om helse-tenester i eit fleirkulturelt samfunn
- Rec(2006)17E / 08. november 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om sjukehus i omstilling: ein ny balanse mellom pleie i institusjon og i nærmiljøet
- Rec(2006)16E / 08. november 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om program for betre kvalitet for organdonasjonar
- Rec(2006)15E / 08. november 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om bakgrunnen for, funksjonane og ansvarsområda til ein nasjonal transplantasjonsorganisasjon (NTO)
- Rec(2006)13E / 27. september 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om bruken av varetektsfengsling, tilhøva der slik fengsling finn stad og korleis ein kan sikre seg mot overgrep
- Rec(2006)12E / 27. september 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om å gjere barn i stand til å nytte seg av det nye informasjons- og kommunikasjonssamfunnet
- Rec(2006)11E / 13. september 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om at helsepersonell kan flytte mellom land og kva verknader dette har for korleis helsetenestene fungerer
- Rec(2006)10E / 12. juli 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om betre tilgang til helsetenester for romanifolket og reisande i Europa
- Rec(2006)9E / 12. juli 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om innreiseløyve for utanlandske studentar, rettane og pliktene deira, og om samarbeid med opphavslanda

- Rec(2006)8E / 14. juni 2006 Tilråding Rec(2006)8 frå ministerkomiteen til medlemsstatane om hjelp til dei som har blitt utsette for kriminelle handlingar
- Rec(2006)7E / 24. mai 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om å forvalte tryggleiken til pasientar og å hindre uønska hendingar i helsetenestene
- Rec(2006)6E / 05. april 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om internt fordrivne personar
- Rec(2006)5E / 05. april 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om Europarådets handlingsplan for å arbeide for rettane til personar med funksjonshemmingar og for at dei kan delta heilt og fullt i samfunnet: betre livskvaliteten til personar med funksjonshemmingar i Europa 2006–2015
- Rec(2006)4E / 15. mars 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om forskning på biologisk materiale som skriv seg frå menneske
- Rec(2006)3E / 01. februar 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om UNESCO-konvensjonen om vern av og arbeid for eit mangfald av kulturuttrykk
- Rec(2006)2E / 11. januar 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om de europeiske fengselsreglene
- Rec(2006)1E / 11. januar 2006 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om den rolla nasjonale ungdomsråd har i utviklinga av ungdomspolitik

### **Tilrådingar, minoritetsspråk (ChL)**

- RecChL(2006)4E / 27. september 2006 Tilråding frå ministerkomiteen om bruken av Europeisk pakt om regions- og minoritetsspråk i Sverige
- RecChL(2006)3E / 27. september 2006 Tilråding frå ministerkomiteen om bruken av Europeisk pakt om regions- og minoritetsspråk på Kypros
- RecChL(2006)2E / 14. juni 2006 Tilråding frå ministerkomiteen om bruken av Europeisk pakt om regions- og minoritetsspråk i Armenia
- RecChL(2006)1E / 01. mars 2006 Tilråding frå ministerkomiteen om bruken av Europeisk pakt om regions- og minoritetsspråk i Tyskland

## **3 Resolusjonar frå ministerkomiteen**

### **Resolusjonar, generelle**

- Res(2006)46E / 13. desember 2006 Resolusjon om utvida delavtale om Europeisk senter for moderne språk (Graz) – budsjett 2007

- Res(2006)45E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for den utvida delavtalen om Europeisk senter for moderne språk (Graz) med verknad frå 1. januar 2007
- Res(2006)44E / 13. desember 2006 Resolusjon om delavtalen om ungdomskortet – budsjett 2007
- Res(2006)43E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for delavtalen om ungdomskortet med verknad frå 1. januar 2007
- Res(2006)42E / 13. desember 2006 Resolusjon om den utvida avtalen om Europeisk kommisjon for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) – budsjett 2007
- Res(2006)41E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for den utvida avtalen om Europeisk kommisjon for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) med verknad frå 1. januar 2007
- Res(2006)40E / 13. desember 2006 Resolusjon om delavtalen om Europeisk støttefond for samproduksjon og distribusjon av kreative kinematografiske og audiovisuelle verk «Eurimages» – budsjett 2007
- Res(2006)39E / 13. desember 2006 Resolusjon om delavtalen om Samarbeidsgruppa til førebygging av, vern mot og organisering av redningsaksjonar ved større naturkatastrofar og teknologiske katastrofar – budsjett 2007
- Res(2006)38E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for delavtalen om Samarbeidsgruppa til førebygging av, vern mot og organisering av redningsaksjonar ved større naturkatastrofar og teknologiske katastrofar med verknad frå 1. januar 2007
- Res(2006)37E / 13. desember 2006 Resolusjon om delavtalen om Samarbeidsgruppa for kamp mot narkotikamisbruk og ulovleg handel med narkotika (Pompidou-gruppa) – budsjett 2007
- Res(2006)36E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for delavtalen om Samarbeidsgruppa for kamp mot narkotikamisbruk og ulovleg handel med narkotika (Pompidou-gruppa) med verknad frå 1. januar 2007
- Res(2006)35E / 13. desember 2006 Resolusjon om delavtalen om Europarådets utviklingsbank – budsjett 2007
- Res(2006)34E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for delavtalen om Europarådets utviklingsbank med verknad frå 1. januar 2007

Res(2006)33E / 13. desember 2006 Resolusjon om Europeisk farmakopé – budsjett 2007

Res(2006)32E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for Europeisk farmakopé med verknad frå 1. januar 2007

Res(2006)31E / 13. desember 2006 Resolusjon om delavtalen for sosial- og helsesektoren – budsjett 2007

Res(2006)30E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til budsjett for delavtalen for sosial- og helsesektoren med verknad frå 1. januar 2007

Res(2006)29E / 13. desember 2006 Resolusjon om budsjett for Europeisk ungdomsfond – budsjett 2007

Res(2006)28E / 13. desember 2006 Resolusjon om pensjonsfondet – budsjett 2007

Res(2006)27E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til pensjonsfondet med verknad frå 1. januar 2007

Res(2006)26E / 13. desember 2006 Resolusjon om pensjonsbudsjettet – budsjett 2007

Res(2006)25E / 13. desember 2006 Resolusjon om det ekstraordinære budsjettet for bygningsutgifter – budsjett 2007

Res(2006)24E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til det ekstraordinære budsjettet med verknad frå 1. januar 2007

Res(2006)23E / 13. desember 2006 Resolusjon om godkjenning av aktivitetsprogrammet for 2007

Res(2006)22E / 13. desember 2006 Resolusjon om det ordinære budsjettet for 2007

Res(2006)21E / 13. desember 2006 Resolusjon om justering av fordelingsnøkkelen for bidrag til ordinært budsjett for Europarådet og budsjett for Europeisk ungdomsfond med verknad frå 1. januar 2007

Res(2006)20E / 13. desember 2006 Resolusjon om statusen til informasjonskontora til Europarådet

Res(2006)19E / 08. november 2006 Resolusjon om revisjon av artikkel 23 og 24 i føresegner om utnemningar (vedlegg II til personalreglementet)

Res(2006)18E / 25. oktober 2006 Resolusjon om pensjonsbudsjettet 2006

Res(2006)17E / 25. oktober 2006 Resolusjon om årsrekneskapen for delavtalen om Europeisk støttefond for samproduksjon og distribusjon av kreative kinematografiske og audiovisuelle verk «Eurimages» for året til og med 31. desember 2005

Res(2006)16E / 25. oktober 2006 Resolusjon om årsrekneskapen for delavtalen om oppretting

av Europeisk senter for global gjensidig avhengnad og solidaritet for året til og med 31. desember 2005

Res(2006)15E / 25. oktober 2006 Resolusjon om årsrekneskapen for den utvida delavtalen om «Gruppe av statar mot korrupsjon – GRECO» for året til og med 31. desember 2005

Res(2006)14E / 25. oktober 2006 Resolusjon om årsrekneskapen for den utvida delavtalen om oppretting av Europeisk senter for moderne språk (Graz) for året til og med 31. desember 2005

Res(2006)13E / 25. oktober 2006 Resolusjon om årsrekneskapen for delavtalen om ungdomskortet for året til og med 31. desember 2005

### **Resolusjonar, minoritetar (CMN)**

ResCMN(2006)16E / 08. november 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Ukraina

ResCMN(2006)15E / 08. november 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Irland

ResCMN(2006)13E / 08. november 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Litauen

ResCMN(2006)14E / 08. november 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Sverige

ResCMN(2006)11E / 27. september 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Polen

ResCMN(2006)12E / 27. september 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Serbia

ResCMN(2006)10E / 06. september 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Nederland

ResCMN(2006)9E / 21. juni 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til

vern om nasjonale minoritetar i Kosovo (Republikken Serbia)

ResCMN(2006)7E / 21. juni 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Georgia

ResCMN(2006)8E / 21. juni 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til vern om nasjonale minoritetar i Den slovakiske republikken

ResCMN(2006)6E / 14. juni 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til vern om nasjonale minoritetar i Slovenia

ResCMN(2006)5E / 14. juni 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til vern om nasjonale minoritetar i Italia

ResCMN(2006)4E / 03. mai 2006 Rammekonvensjon til vern om nasjonale minoritetar – val av ein ekspert til lista over ekspertar som kan veljast inn i den rådgjevande komiteen i saker som gjeld Latvia

ResCMN(2006)3E / 05. april 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til vern om nasjonale minoritetar i Bulgaria

ResCMN(2006)2E / 15. mars 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til vern om nasjonale minoritetar i Den tsjekkiske republikken

ResCMN(2006)1E / 15. februar 2006 Resolusjon om gjennomføringa av rammekonvensjonen til vern om nasjonale minoritetar i Estland

### **Resolusjonar, førebygging av tortur (CPT)**

ResCPT(2006)3E / 21. juni 2006 Val av medlemmer til Europeisk komité til førebygging av tortur og umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff (CPT) i saker som gjeld Monaco, Spania og Tyrkia

